







Bokn kommune

# BUDSJETT

ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

# 2022



## KOMMUNEDIREKTØRENS FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2022 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 76.430.400,- på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	17.155.000
Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage	25.557.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	27.327.400
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	2.568.000
Rammeområde 6 Teknisk	3.823.000

2. Rådmannen får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandlar sentrale inntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenestoområde.
4. Kommunestyret vedtek nye driftstiltak i 2022 – 2025 ihht skjema 2A;
5. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.
6. Rådmannen gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
7. Rådmannen gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.
8. Rådmannen gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettert, til Formannskapet gis fullmakt til å disponera midlar innanfor det som er avsett til reserverte løyvingar, kr 50 000, og budsjettregulera dette til tenestefunksjonene etter behov.
9. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2022 og økonomiplanperioden 2021 – 2025:
  - Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %
  - Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %
  - Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %
  - Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %
  - Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %

10. Skattevedtak

For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» slik lova lyder etter 1. januar 2019. Det

skal etter eideomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eideomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar» ettersom slike anlegg er jamstilt med vårt valte utskrivingsalternativ etter eideomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, slik lova lyder frå 1. januar 2019.

I 2022 skal det skrivast ut eideomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eideomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og –installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eideomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Det skal skrivast ut eideomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg med produksjonsutstyr og –installasjonar i henhold til overgangsregelen til eideomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

Den alminnelege eideomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille. Utskriving av skatt for skatteåret 2022 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016, men med spesifikasjon av skatteverdiar for produksjonsutstyr og –installasjonar.

Eideomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eideomsskattelova § 25, første ledd.

Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

11. Det innføres et nytt gebyr på 2380,- for tilsyn av private avløpsanlegg (anlegg definert i kapittel 12 i forurensningsforskriften). Ett anlegg vil oppleve å få tilsyn ca. 1 gang per 8 år. Tilsyn og adgang til anlegg for kontroll og prøvetaking er hjemlet i lokal forskrift for mindre avløpsanlegg (§9).

# ØKONOMISKE OVERSIKTAR

## § 5-6 Økonomisk oversikt etter art - Drift

Beløp i 1000	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	47 965	47 073	46 867	46 481	46 197	45 832
2 Inntekts- og formuesskatt	23 677	23 599	25 251	25 251	25 251	25 251
3 Eiendomsskatt	11 337	10 400	8 200	10 700	10 400	10 100
4 Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	7 177	3 736	2 120	2 120	2 120	2 120
6 Overføringer og tilskudd fra andre	17 380	10 380	8 797	8 797	8 797	8 797
7 Brukerbetalinger	3 811	3 398	3 140	3 140	3 140	3 140
8 Salgs- og leieinntekter	8 221	8 466	8 392	8 392	8 392	8 392
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>119 567</b>	<b>107 052</b>	<b>102 766</b>	<b>104 880</b>	<b>104 297</b>	<b>103 632</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	58 949	52 689	54 062	54 062	54 062	54 062
11 Sosiale utgifter	15 156	16 224	16 455	16 455	16 455	16 455
12 Kjøp av varer og tjenester	24 241	23 783	22 790	22 790	22 790	22 790
13 Overføringer og tilskudd til andre	13 053	4 156	3 451	3 401	3 401	3 401
14 Avskrivninger	10 936	4 100	9 000	9 000	9 000	9 000
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>122 336</b>	<b>100 951</b>	<b>105 759</b>	<b>105 709</b>	<b>105 709</b>	<b>105 709</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>-2 769</b>	<b>6 101</b>	<b>-2 992</b>	<b>-828</b>	<b>-1 412</b>	<b>-2 077</b>
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	1 234	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
18 Utbytter	11	0	0	0	0	0
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	2 374	2 800	1 600	1 600	1 600	1 600
21 Avdrag på lån	6 076	5 500	3 400	3 400	3 400	3 400
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>-7 205</b>	<b>-7 300</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>
23 Motpost avskrivninger	10 936	4 100	9 000	9 000	9 000	9 000
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>963</b>	<b>2 901</b>	<b>2 008</b>	<b>4 172</b>	<b>3 588</b>	<b>2 923</b>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	-690		-700			
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	-604	-2 737	-1 359	-1 408	-1 408	-1 408
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	-7 255	-164	51	-2 764	-2 180	-1 515
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	7 586					
28 Dekning av tidligere års merforbruk						
<b>29 Sum disponeringer eller dekning av netto drift</b>	<b>-963</b>	<b>-2 901</b>	<b>-2 008</b>	<b>-4 172</b>	<b>-3 588</b>	<b>-2 923</b>
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

## § 5-4 1.ledd - Bevilgningsoversikt - Drift (1A)

Bevilgningsoversikt drift etter §5-4 1. ledd viser kommunens frie inntekter, samla bruk på budsjettområda, finansposter, netto driftsresultat og disponeringene.

1.000kr	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<b>Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)</b>						
1 Rammetilskudd	47 965	47 073	46 867	46 481	46 197	45 832
2 Inntekts- og formueskatt	23 677	23 599	25 251	25 251	25 251	25 251
3 Eiendomsskatt	11 337	10 400	8 200	10 700	10 400	10 100
4 Andre generelle driftsinntekter	7 177	3 736	2 120	2 120	2 120	2 120
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>90 156</b>	<b>84 808</b>	<b>82 438</b>	<b>84 552</b>	<b>83 968</b>	<b>83 303</b>
<b>6 Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>81 988</b>	<b>74 607</b>	<b>76 430</b>	<b>76 380</b>	<b>76 380</b>	<b>76 380</b>
7 Avskrivninger	10 936	4 100	9 000	9 000	9 000	9 000
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>92 924</b>	<b>78 707</b>	<b>85 430</b>	<b>85 380</b>	<b>85 380</b>	<b>85 380</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>-2 769</b>	<b>6 101</b>	<b>-2 992</b>	<b>-828</b>	<b>-1 412</b>	<b>-2 077</b>
10 Renteinntekter	1 234	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
11 Utbytter	11	0	0	0	0	0
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	2 374	2 800	1 600	1 600	1 600	1 600
14 Avdrag på lån	6 076	5 500	3 400	3 400	3 400	3 400
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>-7 205</b>	<b>-7 300</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>
16 Motpost avskrivninger	10 936	4 100	9 000	9 000	9 000	9 000
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>963</b>	<b>2 901</b>	<b>2 008</b>	<b>4 172</b>	<b>3 588</b>	<b>2 923</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	-690	0	-700	0	0	0
19 Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-604	-2 737	-1 359	-1 408	-1 408	-1 408
20 Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	331	-164	51	-2 764	-2 180	-1 515
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>22 Sum disponeringer eller dekning av netto drift</b>	<b>-963</b>	<b>-2 901</b>	<b>-2 008</b>	<b>-4 172</b>	<b>-3 588</b>	<b>-2 923</b>
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

## § 5-4 2.ledd - Bevilgningsoversikt Drift – fordeling pr. eining (1B)

Den andre bevilgningsoversikten viser rekneskapen og budsjett på det nivå kommunestyret har gitt sine netto bevilgningar til dei ulike budsjettområda. Nettobeløpet av bevilgningane samsvarar med beløpet i linje 6 i oppstillinga etter §5-4 1.ledd ovanfor

<b>Beløp i 1000</b>	<b>Regnskap 2020</b>	<b>Budsjett 2021</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>
Sentraladministrasjonen	22 341 720	18 114 000	17 155 000	17 155 000	17 155 000	17 155 000
Kultur, skule og barnehage	25 347 142	25 470 586	25 557 000	25 557 000	25 557 000	25 557 000
Helse, pleie og omsorg	28 020 011	24 927 600	27 327 400	27 327 400	27 327 400	27 327 400
Sosial og barnevern	2 476 018	2 295 800	2 568 000	2 568 000	2 568 000	2 568 000
Teknisk	3 841 753	3 799 200	3 823 000	3 773 000	3 773 000	3 773 000
<b>Sum bevilgningar drift, netto</b>	<b>82 026 644</b>	<b>74 607 186</b>	<b>76 430 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>
<b>Herav:</b>						
Avskrivningar	-38 787	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og - inntekter	-103	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til bruk eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til bruk eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
<b>Korrigert sum bevilgningar drift, netto</b>	<b>81 987 754</b>	<b>74 607 186</b>	<b>76 430 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>

## § 5-5 1. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2A)

Beløp i 1000	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1 Investeringer i varige driftsmidler	28 776	64 534	32 100	10 000	0	0
2 Tilskudd til andres investeringer	-15	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	292	10	0	0	0	0
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	800	800	800	800
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>29 053</b>	<b>64 544</b>	<b>32 900</b>	<b>10 800</b>	<b>800</b>	<b>800</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	3 126	0	0	0	0	0
8 Tilskudd fra andre	25 716	0	0	0	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	1 745	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
13 Bruk av lån	3 447	0	0	0	0	0
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>34 034</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
15 Videreutlån	1 570	0	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	1 570	0	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	587	0	0	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	728	0	800	800	800	800
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-141</b>	<b>0</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>
20 Overføring fra drift	690	0	700	0	0	0
21 Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	0	0	0	0	0	0
22 Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	-5 812	64 544	31 400	10 000	0	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
<b>24 Sum overføring fra drift og netto avsetn.</b>	<b>-5 122</b>	<b>64 544</b>	<b>32 100</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>25 Fremført til inndeckn. i senere år(udekket bel</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## § 5-5 2. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2B)

Prosjekt - Tall i 1000kr	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
9014 Utbygging skule		22 800	30 000	10 000		
1217 Reihaldsmaskiner			100			
1217 Meirope bibliotek			200			
9018 Vassledning	5 600	7 000	1 400			
Dagsturhytte			400			
1390 Avdrag startlån		800	800	800	800	800

## § 5 -7 - Oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelses

Etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 5-7 skal det gis ei oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktelsar i planperioden.

<b>Lånegjeld (tal i 1000 kroner)</b>	<b>Regn 2020</b>	<b>Prog 2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Langsiktig gjeld	143 745	130 716	116 316	112 916	109 516	106 116
Langsiktig gjeld (fratrukke ubrukne lånemidlar)	124 600	111 571	101 020	97 620	94 220	90 820
<i>herav</i>						
Lån knytt til Startlån	29 493	28 712	27 272	26 932	26 592	26 252
Lån knytt til investeringar	114 252	102 004	89 044	85 984	82 924	79 864

I forbindelse med bygging av ny sjukeheim vart kommunen innvilga tilskot frå Husbanken. På grunn av at tilskot ikkje vert utbetalt før bygget står ferdig, tok Bokn kommune opp lån for midlertidig å finansiere tilskot. I 2020 overførte Husbanken 18 millionar kroner til Bokn kommune. Dei vil bli brukt til ekstraordinær nedbetaling av lån. Det er gjennomført ekstraordinær nedbetaling av lån med om lag 6,2 millionar kroner i 2021 og det vil bli foretatt ei ekstraordinær nedbetaling av lån i 2022 med 11 millionar kroner. Dette vert ført i investeringsrekneskapen.

Andre vesentlege langsiktige forpliktelsar:

- Bokn kommune hadde per 2020 en pensjonsforpliktelse på 139 millionar kroner. Pensjonsforpliktelsen skal avspeila det økonomiske ansvaret kommunen har påtatt seg på beregningstidspunktet overfor hver enkelt ansatt som er tatt opp i pensjonsordningen.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2020 et garantiansvar på 460.000 for kommunens del (3,85 %) av lånegjelda til Karmsund Havn IKS.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2020 eit garantiansvar på 676.968 knytt til Haugaland interkommunale Miljøverk IKS.



## INNHALD

KOMMUNEDIREKTØRENS FRAMLEGG TIL VEDTAK.....	2
ØKONOMISKE OVERSIKTAR.....	4
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - Drift.....	4
§ 5-4 1.ledd - Bevilgningsoversikt - Drift (1A).....	5
§ 5-4 2.ledd - Bevilgningsoversikt Drift – fordeling pr. eining (1B) .....	6
§ 5-5 1. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2A) .....	7
§ 5-5 2. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2B) .....	7
§ 5 -7 - Oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser .....	8
INNHALD.....	9
KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING .....	10
INNLEIING OG SAMANDRAG .....	11
MÅLSETTINGAR I ØKONOMIPLANEN .....	12
TENESTER.....	13
Kommunebarometeret .....	13
KOSTRA.....	14
KOMMUNEØKONOMI – FINANSIELLE MÅLTAL.....	15
Økonomisk styring – Netto Driftsresultat .....	16
Netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene .....	17
Fond.....	18
FORUTSETNINGAR OG RAMMEBETINGELSAR.....	19
Budsjettgrunnlag for perioden 2022 – 2025 .....	19
Skatt og rammetilskot – frie inntekter .....	24
Havbruksfond .....	25
Eigedomsskatt .....	25
Til disposisjon for tenesteområda.....	27
Gjennomgang av dei enkelte rammeområda.....	28
Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon .....	28
Rammeområde 2 – Kultur, skule og barnehage.....	33
Rammeområde 3 – Seksjon Helse, pleie og omsorg .....	47
Rammeområde 4 – Seksjon Sosial og Barnevern .....	56
Rammeområde 6 – Seksjon Teknisk.....	59

## KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

Kommunedirektøren legg med dette fram sitt forslag til budsjett for Bokn kommune for 2022 og økonomiplan for perioden 2022 – 25.

Budsjettforslaget for 2021 vart utarbeidd i ei spesiell og dramatisk tid for Bokn, landet og verda. Koronapandemien har vært altoverskyggande i altfor lang tid. Nå ser me heldigvis tydelege teikn til ein meir normal kvardag. Pandemien har også vært en styrketest for økonomien, både nasjonalt og i Bokn.

Pandemien bidrar ennå til usikkerheit om den økonomiske utviklinga framover, men tempoet i vaksininga gjer usikkerheita klart mindre enn tidlegare. Med god beredskap i helsetenestene og felles innsats skal vi saman legge pandemien bak oss.

2022 vert eit innhaldsrikt år for Bokn kommune. Me skal etter planen ferdigstille ny skule i slutten av året og skulen kan endeleg flytte inn i det nye bygget. Skulen i Bokn er plukka ut i oppfølgingsordninga og skal mellom anna arbeide med tiltak knytt til godt samarbeid med føresette. Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn heiter eit gamalt afrikansk uttrykk. Det beskriv ein filosofi om at alle barn er alle sitt ansvar. Skulen er ein viktig del av lokalmiljøet som vi skal være stolte av. Krafta i samhold i eit nærmiljø er verdifullt. Det skaper sterkare og tryggare barn som er rusta til å møte kvardagen.

Sosial berekraft er avhengig av små forskjellar og tillit mellom folk. Utanforskap bidrar til at folk mister moglegheiter til å skape sitt eige, gode liv. Gode oppvekstvilkår, ein god skole og kunnskap er det viktigaste for å skape moglegheiter for alle. For å bygge sterke fellesskap, må vi sørge for god integrering, samtidig som samfunnet gir moglegheit til frie og sjølvstendige liv.

Bokn kommune skal vere ein attraktiv kommune å busette seg i. Kommunen har som målsetjing å auke folketalet. Like mykje som å auke folketalet er det og viktig å bevare og ta vare på dei innbyggjarane ein har i Bokn. Bokn skal vere ein god kvardagskommune som leverer gode tenester til innbyggjarane.

Kommunebarometeret er ei måling som rangerer kommunane etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar. Pleie - og omsorgssektoren i Bokn ligg heilt oppe på 23.plass på Kommunebarometeret i landet(tal for 2021). Spesielt godt kjem kommunen ut i andelen tilsette som har fagutdanning, her er ein blant dei beste i landet.

Frivillighet er ein av bærebjelkane i eit samfunn. Frivillighet og frivillig arbeid har stor betydning både for born, vaksne og eldre og innan alle samfunnsområder. Frivillighetens sjølvstendige stilling og verdi som samfunnsbyggjar er viktig å anerkjenne.

Bokn kommune vedtok i slutten av 2021 plan for samordning frivillig/offentleg sektor i Bokn kommune.

Planen er eit fyrste steg i arbeidet med å forsterke og systematisere samarbeidet og samhandlinga mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Den skal skape legitimitet for innsatsen som frivilligheten i kommunen bidrar med, skape felles forståing rundt dagens status og legge til rette for forenkla rammer og retningslinjer for samarbeidet. Planen for frivillighetspolitikk skal støtte opp om mangfaldet og omfanget av aktivitetar som frivilligheten representerer innafor dei fleste samfunnssektorar, og tar sikte på å legge til rette for ein meir berekraftig frivillig sektor og gode forutsigbare vilkår for frivilligheten. Eit grunnleggjande prinsipp i kommunen sitt frivillighetsarbeid er at det skal vere enkelt å vere frivillig på Bokn. Med dette prinsippet lagt til grunn, skal ein bidra til ei meir berekraftig samfunnsutvikling

## INNLEIING OG SAMANDRAG

Ambisjonen i kommunedirektørens forslag til budsjett og økonomiplan er å legge til rette for gode framtidsetta tenester til innbyggjarane innanfor dei økonomiske rammene ein har, samstundes som ein sikrar ein berekraftig kommuneøkonomi. Det er i budsjettet knytt større usikkerheit til dei økonomiske rammebetingelsane enn tidlegare år, samstundes som ein har demografiske utfordringar og høg gjeldsgrad. Budsjettet for 2022 og økonomiplanen er difor eit stramt budsjett.

Bokn kommune opplever, på lik linje med dei aller fleste kommunar, utfordringar knytt til demografi, som pregar både inntekts- og utgiftsida. Dette er utfordringar som på mange måtar har vorte til dels tilsløra av dei store inntektene kommunen har fått frå havbruksfond.

Kommunens overføringsinntekter frå staten vert fastsett i stor grad basert på innbyggjartal, samtidig som befolkningssamansetninga er bestemmende for etterspurnad av kommunale tenester. Reduserte overføringar frå staten og krevjande brukarutvikling er rammeforutsetningar som har forsterka seg gjennom dei siste åra og som vil påverke planperioden me nå går inn i. Forventa innstraming i kommuneøkonomien framover, sett opp mot antatt behovspress på ulike tenesteområde som følge av demografiutvikling og auka krav og forventningar, er eit signal om at vekst i tenester må finansierast ved effektivisering i tenesteproduksjon. Det inneber at me må få til «meir for mindre» i kommunens eigen tenesteproduksjon og ved samarbeid, både internt og utad.

Bokn kommune har over lengre tid vert inne i ei økonomisk omstilling, der målet har vore å sikre langsiktig berekraftig økonomi. Med dette meiner ein kommuneøkonomi, der tenesteproduksjonen er tilpassa kommunen sine faktiske inntekter, samstundes som det også er avsett tilstrekkelege ressursar til å handsame uforutsette forhold som måtte oppstå. For å oppnå balanse mellom inntekter og utgifter i planperioden, vart det i budsjett 2020 lagt fram målsetning om gjennomføring av utgiftsreducerande tiltak i størrelsesorden 3 mill aukande til 4,8 mill i 2023. Effektiviseringa skulle har vore innarbeid i budsjett for 2020, men dette året blei prega av pandemi, slik at ein ikkje kom i gang med dette arbeidet. Det blei difor innarbeida i budsjett for 2021, og siste delen på 1,1 millionar er innarbeid i budsjett for 2022. At ein har kome seint i gong med desse tiltaka aukar utfordringa for planperioden me nå går inn i. Sett i forhold til økonomi, vil kommunen ha eit for høgt kostnadsnivå ved inngang til 2022. Dette inneber at Bokn kommune nå har eit endrings- og omstillingsbehov.

For å imøtekomme dei utfordringane som Bokn kommune står ovanfor, er det starta ein gjennomgang av heile organisasjonen til Bokn kommune mht ressursbruk, organisering, tenestebehov, med meir. Dette har prega det budsjettmessige arbeidet i kommunen, og vil fortsatt få fokus gjennom budsjettåret.

For å lykkast med større og berekraftige omleggingar i drift og tenesteproduksjon, må ein større del av organisasjonen involverast og få medvirke, og det er ein prosess som vil krevje god planlegging og oppfølging. Denne erkjennelsen ligg til grunn når det hausten 2021 ikkje forelegg forslag til konkretiserte, kortsiktige kostnadsreducerande tiltak for 2022 som monnar tilstrekkeleg, og som samtidig vurderast som gjennomførbare opp mot krav til tenestekvalitet, arbeidsmiljø og medvirkning frå medarbeiderar. Årets budsjettforslag inneheld ingen større kutt ut over dei allereie vedtatte nedtaka frå tidlegare budsjettperioda, men ein har lagt opp til å budsjettere realistisk ihht dei kostnadane ein på kort sikt ser at ein har. For å møte dei økonomiske utfordringane på kort sikt, har ein auka inntektssida i budsjettet, og dette er i stor grad gjort gjennom sal av sjukeheimsplasser til Karmøy kommune, og som gjer at me kan oppretthalde den drifta me pr i dag har på pleie og omsorg.

Ved inngang til 2022, med merksemda retta mot stram kommuneøkonomi og betydelege omstillingsutfordringar, skal me samstundes huske på dei moglegheitane som ligg i at kommunen med eit bruttobudsjett på om lag 103 millionar kroner, får moglegheit til å gi svært gode tenester til innbyggjarane våre. Bokn kommune er ikkje ein fattig kommune, men ein kommune som likevel kvart år framover vil få litt mindre inntekter. Bokn kommune har ei fondsavsetning som representerer eit godt utgangspunkt for å kunne bruke heile økonomiplanperioden for naudsynt omstilling. Dette gjer omstillinga realistisk, og ikkje minst gjer det moglegheiter for å ta omsyn til både tilsette og tenestemottakarar på ønska måte.

## MÅLSETTINGAR I ØKONOMIPLANEN

Bokn kommune sitt styringssystem tar utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling.

Samfunnsdelens mål og strategiar er fordelt på planens satsingsområde:

- Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
- Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid
- Bokn kommune prioriterer for styrka, lokalt næringsliv og auka verdiskapning
- Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private.

Målsetningane i økonomiplanen 2022-2025 tar utgangspunkt i samfunnsdelen og FN sine berekraftsmål.

### *FN sine berekraftsmål*

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikheit og motvirke farlege klimaendringar innan 2030. Ei berekraftig utvikling er eit førande premiss som ligg til grunn, enten det gjelder økonomisk styring, klimamål, eller et godt tenestetilbod. Slik skaper vi eit godt lokalsamfunn for alle – og for framtidens generasjonar.



## TENESTER

Bokn kommune skal levere gode, effektive og berekraftige tenester, med rett kvalitet til brukarar og innbyggjarar. KOSTRA og kommunebarometeret nyttast som styringsinformasjon.

### Kommunebarometeret

Kommunebarometeret for 2021 er oppdatert 18.08.2021. Av 356 rangerte kommunar, hamnar Bokn på ein 309. plass. Ei forbetring på 54 plassar frå i fjor. Som liten kommune vil det vera store svingingar i resultatata frå år til år.


Kommunebarometeret syner at det er grunn til forbetring på fleire område, men plasseringa syner og at kommunen må bli flinkare til å dokumentere og synleggjere resultat og kvalitet av tenesteleveransar.

	Vekt	2018	2019	2020	2021	Endring frå i fjor
Totalplassering		261	120	363	309	-54
Grunnskule	20,0%	130	31	229	224	-5
Pleie og omsorg	20,0%	88	36	130	23	-107
Barnevern	10,0%		3	416	321	-95
Barnehage	10,0%	90	299	163	286	123
Helse	7,5%	81	28	187	326	139
Sosial	7,5%			403	341	-62
Kultur	2,5%	125	139	276	151	-125
Miljø og ressursar	2,5%	255	304	129	194	65
Saksbehandling	2,5%	139	56	21	275	254
Vann, avløp og renovasjon	2,5%	229	324	312	154	-158
Økonomi	10,0%	75	136	233	189	-44
Kostnadsnivå	5,0%	371	313	381	270	-111

## KOSTRA

KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) visar kommunens ressursbruk og prioritering av tenester. Bokn kommune har tidlegare år samanlikna seg med nabokommunane, men det er vurdert at dei størrelsesmessige forskjellane er for store til at dette er ei god samanlikning. Ein finn det difor meir naturleg å samanlikne seg med kommunegruppe 14 som Bokn kommune er ein del av, då kommunegrupper er samansett av kommunar som er relativt like på folketal, bundne kostnader og frie inntekter.

Netto driftsutgift per innbyggjar og tenest	Bokn	Kostragruppe 14	Rogaland	Landet
Pleie og omsorg	21 609	18 638	19 988	19 741
Grunnskule	17 238	16 324	13 799	14 931
Barnehage	11 486	10 545	9 156	9 174
Adm, styring og fellesutgifter	6 604	6 519	4 560	5 024
Sosiale tenester	1 078	2 874	3 027	3 112
Kommunehelse	2 963	3 393	3 275	3 470
Barnevern	2 379	2 361	1 836	1 872
Kultur og idrett	4 837	3 295	2 924	2 644
Plan, kulturminner, natur og nærmi	4 345	1 402	974	808
Andre område	13 324	4 847	2 512	2 772
<b>Totalt</b>	<b>85 863</b>	<b>70 198</b>	<b>62 051</b>	<b>63 548</b>



Som oversikten viser har kommunen høgare kostnader enn snittet av kommunane i KG14, med 15.665 kr høgare netto driftsutgifter per innbyggjar enn snittet for kommunegruppa.

Det er to forhold som er viktige å påpeike når ein vurderer desse tala. Det eine er at Bokn har eit folketal på 859 mot snittet i gruppa på 1.422, samtidig som at Bokn kommune har den høgaste arbeidsgivaravgifta i gruppa med 14,1% (der 21 av 25 kommunar har 10,6% eller lågare). Lågare folketal er med på å drive talet på kostnad pr innbyggjar opp, og høgare arbeidsgivaravgift er med på å gi høgare kronebeløp per innbyggjar enn samanlikningskommunane ville ha hatt med same drift som oss.

KOSTRA tala viser liten samanheng mellom ressursbruk på eit område sett opp mot resultatata i kommunebarometeret. Høg eller låg ressursbruk på eit område slår ikkje nødvendigvis direkte inn på kvaliteten.

*Kommunen må definere kva som er god nok kvalitet på dei kommunale tenestene. Knappe ressursar krev prioriteringar. Det må vera tydeleg kva standard som er god nok og kva innbyggjarane kan forvente.*

Utfordringane for dei ulike tenestene varierer, men fellestrekk kan oppsummerast slik:

- Den demografiske endringa dei siste åra har ikkje endra korleis kommunen har gjort sine prioriteringar, og ein har stort sett prioritert som at demografien har vore stabil.
- Krav til løpande behovstilpassingar og berekraftige løysingar
- Dokumentere og synleggjere resultat og kvalitet av tenesteleveransar ifht kommunebarometeret.

## KOMMUNEØKONOMI – FINANSIELLE MÅLTAL

Ein sunn kommuneøkonomi kjenneteiknast av evnen til å handtere uforutsette hendingar og ha eit handlingsrom til å kunne foreta val på kort og lang sikt. For å ha kontroll på utgiftsveksten, må drifta styrast i samsvar med dei budsjettbetingelsane som kommunestyret set i årsbudsjett og økonomiplan. Det langsiktige biletet er at kommunen løpande tilpassar utgiftene til inntektsgrunnlaget.

Gjennom den nye kommunelova har kommunane fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet. Dei finansielle måltala må forankrast politisk slik at ein får eit eigarskap til dei. Rådmannen legg fram følgjande forslag til måltal for budsjett og økonomiplan for 2022 – 2025:

Finansielle måltal	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Mål 2022-2025
Netto drift i prosent av driftsinntekter	6,8 %	0,8 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene	28,3 %	26,7 %	> 10 %
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	124,0 %	125,9 %	> 15 %
Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene	124,8 %	120,2 %	< 80 %
Lån som betenes av frie inntekter	84,4 %	79,5 %	< 70 %
Netto lån med renteeksponering i prosent av driftsinntektene	6,7 %	0,0 %	< 70 %

**Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** uttrykker andelen av årets driftsinntekter som ikkje er blitt nytta til å dekke årets driftsutgifter. Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for å vurdere kommunen sin økonomiske tilstand. Denne gir eit bilde av kva kommunen sit igjen med til investeringar og framtidige avsetningar.

**Disposisjonsfond** er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svipt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfond. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine.

**Arbeidskapitalen** er lik omløpsmidlar fråtrukke kortsiktig gjeld. Målalet vert nytta for å angi likviditet (evne til å betale forpliktelsar etter kvart som dei forfell) og soliditet (evna til å tole tap).


**Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene** er definert som langsiktig gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktelsar, fråtrukke totale utlån og ubrukne lånemidlar. Indikatoren gir uttrykk for kommunens uteståande låneopptak.

**Lån som betenes av frie inntekter** viser låneopptaket som kommunen må finansiera ved hjelp av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot), og utviklinga i denne er viktig med hensyn til kommunens framtidige handlingsrom.

**Netto lån med renteeksponering** tar utgangspunkt i kommunens langsiktige gjeld. Kommunar har både store passiva (gjeld) og store aktiva (fordringar og likviditet), slik at langsiktig gjeld i seg sjølv ikkje utan vidare gir eit riktig bilete av gjeldsbyrden. Indikatoren forsøker å i større grad gi uttrykk for kor eksponert kommunen er for endringar i rentenivået.

## Økonomisk styring – Netto Driftsresultat

Netto driftsresultat er definert som kommunens økonomiske handlingsrom og er det overskotet som er disponibelt til investeringar og avsetningar. I graf nedanfor er netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter samanlikna med gjennomsnittet i kommunegruppe 14.




Kommune	2017	2018	2019	2020
Bokn	5,2 %	8,4 %	6,8 %	0,8 %
KOSTRA-gruppe 14	5,2 %	3,4 %	4,6 %	3,3 %

Utviklinga i netto driftsresultat syner at Bokn fram til 2020 har hatt eit netto driftsresultat som ligg over resultatet for kommunegruppa. Netto driftsresultat falt kraftig i 2020 ned til 0,8%, under måлтаlet på 1,75 %. Dette heng saman med at Bokn kommune i 2020 måtte utgiftsføre tidlegare vedtatt tilskot til Føresvikvegen på 6 millionar. Midlane var satt av på disposisjonsfond, men kostnaden påverka netto driftsresultat negativt. Utan den ville netto driftsresultat i prosent ha vore 5,82 %.

Eit godt netto driftsresultat historisk må ein sjå i samanheng med gode utbetalingar frå Havbruksfondet. I 2018 fekk ein overført 5,97 millionar, i 2019 fekk ein 5,66 millionar og i 2020 var overføringa 6,77millionar. For 2021 blir utbetalinga redusert til 3,76 millionar og det er venta ytterlegare reduksjon i utbetalinga. I 2022 er det budsjettert med 1,5 millionar i havbruksfondsmidlar. Det er og forventa ei reduksjon i dei frie disponible midlane ut planperioden. Dette er med på å sette press på netto driftsresultat. Usikkerheten i inntektene har medført at ein har lagt opp til eit stramt budsjett for 2022, men der netto driftsresultat likevel er budsjettert til 1,95 %.



## Netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene



Kommune	2017	2018	2019	2020
Bokn	93,0 %	132,7 %	124,8 %	120,2 %
KOSTRA-gruppe 14	97,6 %	98,3 %	98,5 %	91,0 %


Grafen illustrerer utviklinga på lånegjelda til Bokn i prosent av driftsinntekter, samanlikna med gjennomsnitt i kommunegruppe 14.

Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforpliktelsar) fråtrukke totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån (slik som startlån).


Netto lånegjeld utgjorde 120,2 % av brutto driftsinntekter i 2020. Dette er høgare enn kommunens berekraftmodell, som har eit mål for netto lånegjeld på 80% av brutto driftsinntekter. Kommunalbanken definerer all lånegjeld over 70% som høg.

Det er gjennomført ekstraordinær nedbetaling av lån med om lag 6,2 millionar kroner i 2021 og det vil bli foretatt ei ekstraordinær nedbetaling av lån i 2022 med 11 millionar kroner. Det er forventa at dette målalet reduserast i 2022 som følgje av dei ekstraordinære nedbetalingane, men på grunn av forventa fallande inntekter er det usikkert om status for målalet vert vesentleg endra.

Graf nedanfor viser kommunen si plassering blant alle landets kommunar når det kjem til netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter.



## Fond



	2018	2019	2020	Prognose 2021
<b>Disposisjonsfond</b>	<b>19 037</b>	<b>24 650</b>	<b>31 905</b>	<b>29 829</b>
<i>Herav</i>				
Sikringsfond eiendomsskatt		2 000	2 000	2 000
<b>Budne driftsfond</b>	<b>1 684</b>	<b>2 960</b>	<b>3 564</b>	<b>2 581</b>
<b>Kapitalfond</b>	<b>10 380</b>	<b>90 602</b>	<b>96 414</b>	<b>62 800</b>
<i>Herav:</i>				
Investeringsfond Skule			40 834	40 000

Disposisjonsfond er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svikt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfondet. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine.

Figuren visar fondsbeholdninga dei siste åra.

## FORUTSETNINGAR OG RAMMEBETINGELSAR

### Budsjettgrunnlag for perioden 2022 – 2025

I år er budsjett- og økonomiplanen basert på større usikkerheit enn det som har vore vanleg. Usikre faktorar rundt forventa fallande inntekter utfordrar berekraftgrunnlaget. Det er difor ei viktig oppgåve å begrense den økonomiske risikoen og unngå tiltak som binder kommunen opp på sikt. Ein må samstundes ha eit handlingsrom til å kunne handle raskt og framskaffe alternative løysingar når dette er påkrevd. Ein fornuftig strategi kan være å avvete situasjonen til dei fleste usikkerheitsfaktorane er avklart. Denne økonomiplanen har difor få nye tiltak.

Hensynet til tenestane og evnen og moglegheiten til å omstille seg over tid må ivaretas. Dette er særskilt utfordrande for rammeområdet for oppvekst og kultur, der nedgang i barnetal utløyser omstillingsbehov på fleire område.

På nokre tenesteområde vil dette kunne løysast gjennom samarbeid med andre kommunar som f eks når det gjeld brannsamarbeid. På andre område vil det vere naturleg å løyse desse utfordringane gjennom tosidig samarbeid slik Bokn og Karmøy har gjort innanfor fleire saksområde, slik som barnevern og tekniske tenester.

Konsekvensen av årleg reduksjon i rammetilskottet, høge finanskostnader, høge kostnader i forhold til ressurskrevjande tenester og demografiske endringar gjer at det både i 2021, og dei kommande åra i økonomiplanperioden er vanskeleg å laga eit forsvarleg budsjett utan å sjå nærare på kostnader til ikkje-lovfesta oppgåver. I tillegg må lovfesta tenester tilpassast eit nivå som svarar til kostnadsnivået for samanliknbare kommunar. Nye oppgåver må i stor grad løysast innanfor dei ressursane som ein har i organisasjonen.

Budsjettarbeidet for 2022 og økonomiplanperioden må handle om å ha fokus på korleis Bokn kommune skal halde kontroll på økonomien i ei tid der inntektene går ned, og der det er eit press på tenestene og kostnadsauke som følgje av endra statlege krav, brukarrettigheter og auka forventningar frå befolkninga.

For å møte denne utfordringa må ein gjere konkrete tiltak i drift, og større omprioritering mellom rammeområda. Kommunedirektøren har over tid fokusert på at Bokn kommune står ovanfor ei stor utfordring med tanke på demografi. Framskrivningsdata taler for at ein blir fleire eldre og færre yngre. Det betyr at inntektsbildet endrar seg, men og at utgiftsbehovet innanfor dei ulike aldersgruppene vil endra seg betydeleg framover. Til no har ikkje denne demografiske endringa endra korleis kommunen har gjort sine prioriteringar, og ein har stort sett prioritert som at demografien har vore stabil. Dette har ein kunne gjera då ein historisk har hatt gode inntekter, slik som frå Havbruksfond og eigedomsskatt.

Framskrivningsmodellar for den demografiske utviklinga tilseier at utgiftsbehovet blant dei yngste innbyggjarane vil reduserast betydeleg dei neste åra i planperioden. Dette har ein så langt ikkje tatt konsekvensane av, i og med at prioriteringa av denne aldersgruppa tidlegare er blitt oppretthaldt.

Ein må forsøke å frigjere midlar, slik at ein kan gi tilbod til fleire brukarar innanfor dei økonomiske rammene kommunen til ei kvar tid har til disposisjon. Bokn kommune har satt i gang eit omstilling- og effektiviseringsarbeid for å få framtidige budsjett i balanse. Tidlegare vedtatt innsparingskrav på 5 millionar kroner fram til 2023, gir eit krav til effektivisering i einingane sine rammer med 1,1 million kroner i 2022. Det vart og i forbindelse med budsjett 2021 lagt inn eitt ytterlegare krav om innsparing

1 million knytt til administrasjon. Einingane har fått reduserte budsjetttrammer og må tilpasse tenestane i henhold til dette. Det er krevjande å redusere kostnadsnivået i einingane ytterlegare utan at det går ut over tenestetilbodet til kommunens innbyggjarar.

- Det er lagt inn deflator på 2,9 % i 2022.
- Skatt og rammetilskot er berekna iht. Kommuneproposisjonen og prognosemodell frå KS. Det er lagt inn forventa inntekt frå havbruksfond, samt eigedomsskatt på næringseigedom.
- Rentenivået er forventa lågt i heile perioden, dette er det tatt omsyn til i berekninga av renteutgiftene og for renteinntektene. Renter er berekna ut frå dagens låneavtalar.
- Eigedomsskatt for næringseigedom er vidareført med same budsjettmessige forutsetningar som i 2021-2024. Det er lagt til grunn ei nedtrapping i perioden. Bokn må betale tilbake rundt 2,8 millionar kroner til Tysvær kommune/Gassco av innbetalt skatt for åra 2016 – 2020, og denne tilbakebetalinga vil skje i 2022. Eigedomsskatt vil så bli redusert med samla 600.000 kroner årleg etter det, og det før det er avklara om seinare rettstvistar vil ha ytterlegare konsekvensar for kommunen. Det vil for 2022 med dette grunnlag bli ein vesentleg redusert sum som vil bli overført til Bokn kommune. Det er tidlegare sett av 2 millionar på fond for å dekke denne usikkerheiten. Desse 2 millionane er innarbeidd i budsjett for 2022 å dekke manglande inntekter i forbindelse med redusert overføring frå Tysvær.

For å hensynte eventuelt seinare rettstvistar, har Tysvær kommune valgt å sette av ca 5 millionar kroner årleg for å hensynte denne risikoen, og tilsvarande beløp for Bokn vil være i størrelsesorden 400.000 kroner. Avsetninga er sett av i budsjett og økonomiplan for 2022-2025.

- Det er lagt inn reduksjon i budsjett for skule og barnehage som følgje av forventa nedgang i antal barn.
- Det er lagt inn ei auke i budsjett for helse. Dette skal sikre at det i budsjett 2022 er dekning for vidareføring av dagens drift, men innanfor eit stramt budsjett.
- Det er lagt inn ei auke i budsjetttramma for tekniske tenester for å tilpasse seg det aktivitetsnivået ein ser er nødvendig for å drive seksjonen.

## Demografiske rammer

Både inntektsutvikling og utgiftsbehovet til ein kommune er nært knytt til utvikling og samansetting i befolkninga. Folketalsutviklinga og alderssamansetting er difor ei avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering.

Analyse av befolkningsstatistikk og framskrivingar frå SSB kan gi ein indikasjon på kva sektorar som kommunen kan vente seg dei største utfordringane i åra framover.


Ved inngangen av 2021 hadde Bokn kommune 859 innbyggjarar. Ved middels nasjonal vekst (MMMM) syner framskrivinga at ein har 854 innbyggjarar i 2031. Den prosentvise nedgangen i Bokn kommune er anslått til 0,6 % medan folketalsveksten samla i landet er anslått til 4,8 % totalt fram til 2031. Ein lågare vekst enn landet vil gje utslag på dei forventa inntektene til kommunen.

	2021	2031	Prosentvis endring		
0-1 år	15	16	6,7 %		
2-5 år	31	29	-6,5 %		
6-15 år	91	83	-8,8 %		
16-18 år	44	21	-52,3 %		
19-20 år	21	19	-9,5 %	<b>Aldersgruppe</b>	<b>Prosentvis endring</b>
21-22 år	23	25	8,7 %	0-22 år	-14,2 %
23-29 år	73	62	-15,1 %	23-49 år	-10,0 %
30-34 år	42	48	14,3 %	0-50 år	-12 %
35-49 år	154	132	-14,3 %	50-66 år	7,6 %
50-66 år	197	212	7,6 %	67-79 år	16,5 %
67-79 år	109	127	16,5 %	>80 år	35,6 %
80-80 år	44	66	50,0 %		
90 år og eldre	15	14	-6,7 %		
<b>Sum innbyggere</b>	<b>859</b>	<b>854</b>	<b>-0,6 %</b>		

Det er stor usikkerheit om utvikling i folketalet. Låg innvandring og låge fødselstal kan tyde på lågare folketalsvekst både nasjonalt, regionalt og lokalt. I Bokn kommune kan ein forvente ein kraftig vekst innan pleie- og omsorgssektoren fram mot 2031. I same periode er det forventa ein nedgang i utgiftsbehov innan tenester som barnehage og skule.

I dei påfølgjande figurane er utviklinga vist som indeksar der tal innbyggjarar ved inngangen av 2021 = 100 %. Det betyr at figurane gir uttrykk for endringar i det demografiske behovet samanlikna med 2020.

Tabellar nedanfor er henta frå KS sine demografimodellar.



At ein opprettheld befolkningsnivået i perioden fram mot 2031, skuldast i liten grad auke i tilflytting eller fødselsrate, men at innbyggjarane me har lever lengre. Ein forventar ein nedgang på 17,7 % i aldersgruppa 0-18 år, medan det i 2031 kan være 36% fleire personar over 80 år enn det er i dag.



I det sentrale inntektssystemet er det etablert såkalla objektive indikatorar som gi uttrykk for forskjellar i tenestebehov som følgje av alderssamansetting og ulike sosioøkonomiske forhold.

Det er spesielt tre aldersgrupper i befolkninga har behov for ein større del dei kommunale tenestene og som derfor blir gitt spesiell merksemd i befolkningsprognosar:

Gruppa 1-5 år har behov for mellom anna barnehageplass og helsetenester

Gruppa 6-15 år er elever i grunnskolen og trenger fritidstilbod

Gruppa 80 år og over er de som har størst behov for institusjonstenester, omsorgsboligar og heimebaserte tenester



Endring i demografi gjer seg utslag i endra inntekter og kostnader for kommunen. Tabell nedanfor er eit anslag på kva demografikostnadane vil utgjere i 2021-kroner. Meir- (+) og mindreutgifter (-) som følgje av befolkningsendringane i dei ulike sektorane.

Teneste (tall i 1000kr)	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	SUM 2022-2031
Pleie- og omsorg	-957	698	99	1 860	1 092	-326	747	-127	291	1 073	4 449
Grunnskole	597	-1 193	447	-1 342	-298	-597	298	298	597	0	-1 193
Barnehage	-1 039	0	-427	0	-90	427	640	62	0	62	-365
Sosial	-34	2	-15	-19	-47	7	-41	9	-15	12	-141
Kommunehelse	-29	-19	-20	59	56	0	44	11	28	34	163
Barnevern	-57	-108	-16	-102	-12	-39	43	35	19	14	-224
<b>SUM BOKN</b>	<b>-1 519</b>	<b>-621</b>	<b>69</b>	<b>456</b>	<b>701</b>	<b>-528</b>	<b>1 731</b>	<b>287</b>	<b>919</b>	<b>1 194</b>	<b>2 689</b>

Den samla kostnadsveksten frå 2021 til 2031 er anslått til 2,7 millionar kroner i kommunen dersom ein legg til grunn uendra standard, produktivitet og dekningsgrad, i tillegg til konstante gjennomsnittskostnadar. Demografital taler for at ein må endre i prioritering av ressursane.

## Skatt og rammetilskot – frie inntekter

Kommunane sine frie inntekter består av skatt på inntekt og formue og ordinært rammetilskot og utgjør den største delen av kommunane sine inntekter, og det er her staten styrer kommunane sine tenester med auke eller reduksjon av overføringar. Dette er inntekter som kommunane kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og regler.

Det overordna formålet med inntektssystemet er å jevne ut dei økonomiske forutsetningane for at kommunane skal kunne gi et mest mogleg likeverdig tenestetilbod over heile landet.

Dei frie inntektene (skatt på inntekt og formue, og ordinært rammetilskot) i Bokn er budsjettert til 72,1 mill. kroner i 2022. Det er 1,4 mill. kroner meir enn i 2021 budsjettert. Av dette er 1,2 millionar vekst i skatteanslag. Veksten frå 2021 til 2022 inkluderer lønns- og prisstigning, demografiutvikling, nye/endra oppgåver og kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

Tabellen nedanfor visar samansetninga av dei frie inntektene til BOKN, med endring frå 2021.

Tal i 1000	Framlegg 2022	Overføringar 2021	Endring frå 2021	Overføringar 2020
Skatteanslag	27 935	26 697	1 238	25 662
Innbyggjartilskot	22 501	21 121	1 380	21 246
Utgiftsutjamning	14 904	13 997	907	15 035
Særskilde fordelingar	215	333	- 118	448
Inntektsgaranti (INGAR)	1 870	3 250	- 1 380	2 647
Skjønnsstilskot	1 200	1 800	- 600	2 000
Småkommunetilskot	3 017	3 017	-	2 938
Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular	476	457	19	413
<b>Samla skatt og rammetilskot</b>	<b>72 118</b>	<b>70 672</b>	<b>1 446</b>	<b>70 389</b>

**Skatteanslag.** Skatteinntektene for Bokn er berekna til 27,9 millionar kroner i 2022 inkludert inntektsutjamning. Sidan ein ikkje kjenner dei endelege skatteinntektene for 2022 før i januar 2023, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2022 vil vere. Anslaget tar utgangspunkt i nivå på skatteinntektene i 2020. Det betyr at det blir forutsatt ein lik skattevekst per innbyggjar, med fordeling som i 2020.

**Innbyggjartilskot** er i utgangspunktet fordelt med likt beløp per innbyggjar. Dette er satt til 26.133 kr per innbyggjar. Dette gangast med innbyggjartal per 01.07.2021 (861 personar).

**Utgiftsutjamning** er ei omfordeling av innbyggjartilskotet basert på kor stort berekna utgiftsbehov den enkelte kommune har. Utgiftsbehovet blir berekna blant anna på bakgrunn av alderssamansetning i kommunen, geografi, og andre sosioøkonomiske forhold. Kommunar med høgt utgiftsbehov får deretter kompensert for det, mens kommunar med lågt utgiftsbehov blir trukke.

I 2021 er det anslått at Bokn kommune har høgare utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet, med ein kostnadsindeks på 129,3 prosent, og Bokn tilføres difor ekstra midlar i inntektssystemet for dette. Dette betyr at Bokn kommune anslås å både vera inntektssvak (blir tilført nærmare 2,7 millionar i inntektsutjamning frå kommunar med høgare skatteinntekter per innbyggjar) og at kommunen reknast for å ha høgare utgiftsbehov (tilførast om lag 14,9 millionar gjennom denne delen av utgiftsutjamninga).



Samla utgiftsutjamning inkluderar også trekk for elevar som ikkje går i kommunale skular. Dette utgjør eit netto trekk på 476 000 kroner for Bokn.

**Særskilde fordelingar** Nokre enkeltsaker fordelast ikkje etter inntektssystemet sine ordinære kriterier, men gis som ei særskilt fordeling. Bokn kommune har fått tildelt 215 000 for 2022.

**Inntektsgaranti (INGAR)** knytter seg til endringer i kriteriedata, befolkningsnedgang og systemendringer i inntektssystemet som for enkeltkommunar kan føre til brå nedgang i rammetilskot frå eit år til det neste. Ordninga skal skjerme kommunane mot slike endringar. Kommunen får 2.172 kr per innbyggjar for budsjettåret 2022.

**Skjønnsmidlar** er midler som årleg fordelast av fylkesmannen, og brukast til å kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga. Ramma for Rogaland er totalt 58 millionar, kor 40,7 millionar er fordelt i denne omgang. Det er fordelt 1,2 millionar kroner til Bokn, som er 600 000 lågare enn i 2021. Dette er eit årleg vedtak, og kan endre seg frå år til år. Bokn får tildelt midlar på grunn av ressurskrevjande tenester, og får derfor tilskot, men med ei nedtrapping.

**Småkommunetilskot** er eit distriktstilskot som tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som målar graden av distriktsutfordringar i ein kommune og består av ulike indikatorar som målar forskjellar i geografi, demografi, arbeidsmarked og levekår. For å kvalifisere til tilskot må kommunen ha hatt gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet, ha under 3 200 innbyggjarar eller ha ein distriktsindeks på 46 eller lågare. Tilskot til Bokn gis med ein sats på om lag 3 millionar kroner.

## Havbruksfond

I 2021 vart det budsjettert med ei inntekt frå Havbruksfondet med 3 millionar kroner. Bokn kommune fekk ei ordinær utbetaling i 2021 på 2,3millionar, 0,7millionar kroner lågare enn budsjettert. Men på grunn av nyklarert biomassekapasitet i 2021 fekk kommunen tilført ytterlegare 1,4millionar, slik at ein samla fekk om lag 3,7 millionar frå Havbruksfondet i 2021.

Samla utbetaling frå Havbruksfondet til kommunar og fylkeskommunar var 1 milliard kroner i 2021. Det er bestemt at utbetalinga for 2022 blir 0,5 milliard. I budsjett for 2022 har ein lagt til grunn Bokn sin forholdsmessige, historiske utbetaling for estimering av utbetaling 2022. Det budsjetterast med 1,5 millionar kroner i inntekter frå havbruksfondet i 2022 og beløpet er haldt på det nivået i planperioden. Det er uvisse knytta til estimatet. Desse inntektene har tidlegare vore veldig usikre med store beløpsmessige svingningar. Frå 2022 legges heile ordninga om, der ein blant anna vil berekne ei produksjonsavgift. Kommunen vil då på sikt få ei meir stabil og forutsigbar inntekt, men det er og forventa at inntekta vert lågare enn det dagens ordning har gitt i snitt dei siste åra.

## Eigedomsskatt

Eigedomsskatt utgjør samla nær 10 % av kommunens sentrale inntektsgrunnlag. Lovendringar på området kan gi store økonomiske verknadar for kommunen. Sist ved at verk og bruk ikkje lenger skulle skattleggjast frå og med 2019, med ein overgangsperiode på 7 år fram til 2025.

Fordelingsavtalen mellom Tysvær og Bokn som vart underskriven i 1993, seier at eigedomsskatteinntektene til gassbasert industri, skal fordelast mellom kommunane i forhold til folketalet i kommunane. Avtalen gjeld for gassbasert industri etablert etter 01.01.1994 og inneber i

praksis at eigedomsskatt frå og med Sleipner-etableringa i 1994 er grunnlag for fordeling. Både Gassco og Equinor har framleis klagesaker inne på taksering av anlegg som grunnlag for eigedomsskatt.

Det er allereie klart, etter vedtak i sakkyndig nemnd eigedomsskatt Tysvær i august 2020, at Tysvær og Bokn samla må betale tilbake rundt 38 millionar kroner til Gassco av innbetalt skatt for åra 2016 – 2020, og at denne tilbakebetalinga vil skje i 2022. Eigedomsskatt vil så bli redusert med samla 7,5 millionar kroner årleg etter det for dei to kommunane, og det før det er avklara om seinare rettstvistar vil ha ytterlegare konsekvensar for kommunane. Både tilbakebetaling for åra 2016 – 2020 og redusert nivå frå og med 2021 vil bli fordelt mellom kommunane ifht fordelingsnøkkel. For Bokn kommune vil det ha som konsekvens at ein samla sum for tilbakebetaling for åra 2016 – 2020 vil utgjera vel 3 millionar kroner, og årleg reduksjon deretter utgjer om lag 600.000 kroner. Det vil for 2022 med dette grunnlag bli ein vesentleg redusert sum som vil bli overført til Bokn kommune.

Bokn kommune har sett av 2 millionar kroner til dekning av eventuelt tap/tilbakebetaling av for mykje mottatt eigedomsskatt. Kommunedirektøren har lagt desse 2 millionane inn i budsjett for 2022 for å dekke mindre overføring frå Tysvær.

For å hensynta eventuelt seinare rettstvistar, har Tysvær kommune valgt å sette av ca 5 millionar kroner årleg, og tilsvarande beløp for Bokn vil være i 400.000. Ei slik avsetning er foreslått i budsjett og økonomiplan for 2022-2025.

## Til disposisjon for tenesteområda

	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025
Frie disponible inntekter	70 672 000	72 118 000	71 732 000	71 448 000	71 083 000
Finansinntekter/utgifter	- 7 300 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000
Øvrige inntekter og utgifter	13 600 000	10 320 000	12 820 000	12 520 000	12 220 000
Avsetningar og bruk av avsetningar	- 2 901 288	- 1 307 600	- 4 171 600	- 3 587 600	- 2 922 600
Overført til investering	-	- 700 000	-	-	-
<b>Sum sentrale inntekter og utgifter - til foreling til tenesteområda</b>	<b>74 070 712</b>	<b>76 430 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>
<b>Sum fordelt til tenesteområda</b>	<b>74 070 712</b>	<b>76 430 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Beløpet som er til disposisjon for tenesteområda aukar med 3,2 % frå 2021 til 2022. Korrigert for anslått løns- og prisvekst (deflator) på 2,9 % i 2022, er realveksten i beløpet til disposisjon tilnærma null. Dette skuldast i all hovudsak at disponible midlar i 2021 inkluderar bevilgningar ifbm koronapandemien, og at ein for 2020 vil få redusert overføring frå staten, slik som reduksjon iskjønnsmidlar knytta til ressurkrevjande tenester med 600.000kr

Ei lita auke i frie disponible inntekter, samt reduksjon i ordinære avdrag og renter driv i all hovudsak veksten i beløpet som er til disposisjon. For åra 2022-2025 reduserast frie disponible inntekter med ca 1 million.

Eigenfinansiering av investeringar er viktig for å begrense veksten i kommunens gjeld.

Det budsjetterast med en overføring frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet på 700.000 kroner i 2022. Dette skal gå til Dagsturhytte (400), løysing for meiråpent på bibliotek (200), samt nødvendig investering i utstyr/reinholdsmaskinar til reinhald (100).

### Driftsbudsjettet - forslag til rammeendringer fordelt på endringskategorier

Beløp i kr	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Budsjett 2021	74 607 186	74 607 186	74 607 186	74 607 186
Lønns- og prisvekst mv.	2 155 814	2 155 814	2 155 814	2 155 814
Utgående eingongstiltak	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 200 000	- 1 200 000
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>75 563 000</b>	<b>75 563 000</b>	<b>75 563 000</b>	<b>75 563 000</b>
Tilpasning til aktivitetsnivå/demografi	2 967 400	2 917 400	2 917 400	2 917 400
Innsparingskrav - 5 million til 2023 - Vedtatt budsjett 2020	- 1 100 000	- 1 100 000	- 1 100 000	- 1 100 000
Innsparingskrav administrasjon 1 million - Vedtatt budsjett	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
<b>Ramme 2022-2025</b>	<b>76 430 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>	<b>76 380 400</b>

## Gjennomgang av dei enkelte rammeområda


### Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon

#### Driftsbudsjett og ramme

##### Sentraladministrasjon - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Budsjett 2021		18 114 000	18 114 000	18 114 000	18 114 000	18 114 000
Rammeendring		-	959 000 -	959 000 -	959 000 -	959 000 -
<b>Netto driftsramme</b>	<b>22 341 720</b>	<b>17 964 000</b>	<b>17 155 000</b>	<b>17 155 000</b>	<b>17 155 000</b>	<b>17 155 000</b>
<b>Rammeendringer</b>						
Lønns- og prisvekst			526 000	526 000	526 000	526 000
Tilpasning aktivitetsnivå - omfordeling mellom rammeområder			- 330 000 -	- 330 000 -	- 330 000 -	- 330 000 -
Diverse effektiviseringstiltak			- 155 000 -	- 155 000 -	- 155 000 -	- 155 000 -
Innsparingskrav - 5 million til 2023 - Vedtatt budsjett 2020			- 325 000 -	- 325 000 -	- 325 000 -	- 325 000 -
Innsparingskrav administrasjon 1 million - Vedtatt budsjett 2021			- 675 000 -	- 675 000 -	- 675 000 -	- 675 000 -
<b>Sum rammeendring</b>			<b>- 959 000 -</b>	<b>- 959 000 -</b>	<b>- 959 000 -</b>	<b>- 959 000 -</b>

Teneste	Budsjett 2022
Kommunedir, Stab og Økonomi	7 754 000
IKT - Fellesutgifter Data	4 470 000
Politisk styring og kontrollvirksomhet	2 317 000
Den Norske Kyrkja & Kyrkjegard	1 229 000
Øvrige tenester og fellesutgifter	1 385 000
<b>Sum rammeområde Sentraladministrasjon</b>	<b>17 155 000</b>



Sentraladministrasjonen omhandlar blant anna kostnader til politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, administrasjonslokaler, tilskot til kyrkja og kyrkjegard, samt felleskostnadar for organisasjonen slik som IT kostnadar. Endringstakten innan rammeområdet er høg, og tenestane må løpande utviklast i takt med dette. Dette er støttetjenester som har ei nøkkelrolle i utviklinga av ein robust kommuneorganisasjon. I budsjett- og økonomiplanen blir det lagt opp til stramare økonomirammer for rammeområdet. Hovedutfordringa blir å balansere behov og forventningar til opp mot reduserte rammer og krav til effektivisering. I ei tid kor kommunen vert tillagt stadig fleire oppgåver, er det krevjande å levere på alle krav med vidareføring av dagens bemanning. Det er likevel ikkje lagt inn auke i personalressursar knytt til administrasjon i planperioden, men forsøkt løyst gjennom andre effektiviseringstiltak, slik som digitalisering.

#### KOSTRA-Analyse

Det blei i budsjett for 2021 lagt inn eit krav om innsparing på administrative ressursar på 1 million kroner med halvtårseffekt frå 2021, og med full effekt frå 2022. I den forbindelse var det nødvendig å analysere administrasjonskostnadane i Bokn kommune og samanlikne oss med andre for å finne dei riktige tiltaka for å redusere administrasjonskostnad ved effektivisering og innsparing. Bokn kommune har tidlegare år samanlikna seg med nabokommunane, men det er vurdert at dei størrelsesmessige forskjellane er for store til at dette er ei god samanlikning. Ein finn det difor meir

naturleg å samanlikne seg med kommunegruppe 14 som Bokn kommune er ein del av, då kommunegrupper er samansett av kommunar som er relativt like på folketal, bundne kostnader og frie inntekter.

Brutto driftsutgifter 120 Administrasjon				
Kommune i gr 14 - 2020 tall	Innbyggere	aga sats	beløp 1000k	beløp innbygger
3424 Rendalen	1 741	6,40 %	22 098	12 693
3430 Os	1 870	6,40 %	22 044	11 788
5026 Holtålen	1 968	6,40 %	20 548	10 441
4217 Åmli	1 822	10,60 %	19 436	10 667
3426 Tolga	1 563	6,40 %	18 435	11 795
4226 Hægebostad	1 690	14,10 %	17 553	10 386
3819 Hjartdal	1 561	10,60 %	16 809	10 768
3051 Rollag	1 386	10,60 %	16 146	11 649
5046 Høylandet	1 215	5,10 %	15 458	12 723
4620 Ulvik	1 061	10,60 %	15 303	14 423
3429 Follidal	1 518	6,40 %	15 259	10 052
4634 Masfjorden	1 660	10,60 %	15 074	9 081
3432 Lesja	1 980	6,40 %	14 301	7 223
1825 Grane	1 453	5,10 %	13 743	9 458
1853 Evenes	1 324	5,10 %	13 395	10 117
4218 Iveland	1 335	14,10 %	12 423	9 306
3822 Nissedal	1 430	10,60 %	12 401	8 672
1815 Vega	1 182	5,10 %	11 825	10 004
3012 Aremark	1 325	14,10 %	11 182	8 439
4637 Hyllestad	1 294	10,60 %	10 605	8 196
3450 Etnedal	1 257	6,40 %	10 076	8 016
3823 Fyresdal	1 228	10,60 %	9 460	7 704
<b>1145 Bokn</b>	<b>859</b>	<b>14,10 %</b>	<b>9 232</b>	<b>10 747</b>
4220 Bygland	1 142	10,60 %	9 067	7 940
1857 Værøy	698	5,10 %	7 634	10 937

Kjelde: SSB – tabell 12362

Tabellen over syner brutto driftsutgifter til funksjon/tenesteområde Administrasjon. I 2020 hadde Bokn kommune 9,2 millionar kroner i brutto driftsutgift til Administrasjon, dette er 5,1 millionar kroner lågare enn snittet på 14,4 millionar kroner for kommunegruppe 14. Når det gjeld beløp pr innbyggjar ligg Bokn som nummer 9 av 25 i gruppa, med 10.747 kr pr innbyggjar. Det er to forhold som er viktige å påpeike når ein vurderer desse tala. Det eine er at Bokn har eit folketal på 859 mot snittet i gruppa på 1.422, samtidig som at Bokn kommune har den høgaste arbeidsgivaravgifta i gruppa med 14,1% (der 21 av 25 kommunar har 10,6% eller lågare). Lågare folketal og høgare arbeidsgivaravgift fører til at kostnaden pr. innbyggjar vert høgare hjå oss enn dei kommunane vi samanliknar oss med, forutsatt same drift.

Basert på ein slik analyse vurderer kommunedirektøren at nivået på administrative kostnader i Bokn kommune er låge. Sett i lys av at fleire funksjonar/oppgåver vil ha behov for ressursar for å handtere lovkrav/arbeidsmengde, tilrår kommunedirektøren at dei strame rammene som nå er lagt for sentraladministrasjonen ikkje bør reduserast ytterlegare. Skal ein ytterlegare ned på administrative kostnader, vil ein måtte sjå på strukturelle endringar.

For ei analyse av dei øvrige hovudtenestane innan Sentraladministrasjonen har ein vald å samanlikne seg med dei tre andre kommunane med lik arbeidsgivaravgift som Bokn i kommunegruppa.

	Beløp pr innbygger				
	Bokn	Iveland	Aremark	Hægebostad	KG14
100 Politisk Styring - Brutto driftsutgifter	2 246	1 836	1 315	1 264	1 479
110 Kontroll og revisjon -Brutto driftsutgifter	398	595	518	438	521
120 Administrasjon -Brutto driftsutgifter	10 747	9 306	8 439	10 386	10 109
120 Administrasjon - Lønnsutgifter fratrukket sykelønsref	7 724	5 321	5 910	7 069	6 220
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen - Brutto driftsutgifter	353	745	292	130	424
130 Administrasjonslokaler - Brutto driftsutgifter	2 270	902	365	464	1 031

Som tabellen syner, ligg Bokn høgt på kostnadar til politisk styring samanlikna med dei andre kommunane og kommunegruppa forøvrig. Bokn kjem best ut av kostnadar knytta til kontroll og revisjon. I budsjettet for 2022 blir det lagt opp til ei auke her opp til 662.000 kroner som følgje av overgang til Rogaland Revisjon. Ein vil då havne over snittet for kommunegruppa.

## Digitalisering

Bokn kommune er ein liten kommune i den store samanhengen. Dette gjeld også innan IKT. Frå sentralt hald blir kommunane utfordra på å digitalisera dei kommunale tenestene. Utvikling av digitalisering i det offentlege skjer nasjonalt gjennom eit samarbeid i regi av KS – DigiFinn - og eit regionalt samarbeidsprosjekt i Rogaland, DigiRogaland.

Digitalisering av kommunale tenester og interkommunalt samarbeid vil bety at innbyggjarane vil kunne få gode og profesjonelle tenester uavhengig av bukommune eller kommunestørrelse. Bokn kommune ser at utgiftene til IKT aukar årleg og der grunnkostnadane er høge uavhengig av kommunestorleik.

Kommunen har gjennom interkommunale samarbeid vore i stand til å auke moglegheita for å digitalisera fleire kommunale prosessar, m.a. digital signering av søknader, møtebøker, dokument knytt til tilsetjingar m.m. Nye løysingar for digital kommunikasjon med innbyggjarane blir tatt i bruk i skule og barnehage som del av nytt sakshandsamingssystem, dette gir sikrere kommunikasjon, hurtigare kommunikasjon og dermed betre tenester. Det frigjer også tid for tilsette i kommunen. Nye løysingar for digitale skjema og bestillingsløysingar er i ferd med å bli sette i drift. Utviklinga innanfor digitalisering går raskt og kommunane i fylket tek stadig i bruk nye verktøy for å vere attraktive for eksisterande og nye innbyggjarar.

Stadig fleire av innbyggjarane sine behov skal løysast med digitale tenester som opplevast som heilskaplege og samanhengande. Bokn kommune treng å ta del i denne utviklinga. Derfor er det viktig for kommunen å delta i t.d. DigiRogaland, eit fellesskap av alle kommunane i Rogaland som arbeider for kommunal digitalisering gjennom m.a. felles prosjekt innan helse, teknisk, personvern m.m. Deltaking i slike prosjekt krev pengar, i form av deltakaravgift og interne ressursar.

Digitalisering er også viktig med tanke på rekruttering og arbeidssituasjonen til eigne tilsette. Nye tilsette ønsker å kunne bruke same system som det dei er vane med der dei kjem frå, eksisterande tilsette ønsker ny funksjonalitet. Døme på dette kan vere registrering av vakter, ferie og fritid, applikasjonar til bruk i felt (t.d. nettbrett med kart og registrering), mobile løysingar for heimetenesta, digitaliserte reiserekningar og digitale møter. Kommunen møter ofte problemstillinga at leverandør av fagsystema kommunen har i dag tilbyr løysingar for dette men at førstegongs lisens og implementeringskostnad ofte blir veldig høg sett i høve til tal brukarar i kommunen.

Kommunen ønsker å ta i bruk sensorteknologi til t.d. måling av vasstand og varsling i samband med glatte fortau og vegar. Her er ein framleis i startfasen men vonar å ta i bruk dei første sensorane i løpet av hausten. Målet er å minske behovet for å måtte køyre ut for å gjere registreringar manuelt. Dette vil på sikt kunne gi gevinst men krev ei investering med tilhøyarande driftskostnad først.

Digitalisering er kostnadsdrivande og kompetansekreivjande for IKT- avdelinga. Det krevst ofte ei investering først for å legge til rette for at innbyggjarar og tilsette kan ta i bruk nye tenester og løysingar. Driftskostnadane aukar. Den reelle meirverdien for kommunen handlar likevel mest om endringar i arbeidsmåtar og implementering i organisasjonen slik at ein får utnytta dei teknologiske løysingane best mogeleg.

### **Kontroll – og kvalitetsutvalet**

Det er budsjettert med 662.000 kroner til kontroll og revisjon. Dette er budsjettert på bakgrunn av vedtak i kontroll – og kvalitetsutvalet. Dette er ei auke på om lag 200 000 frå 2021. Budsjettet dekker utgifter til kontroll- og kvalitetsutvalet, kjøp av sekretærenester frå Haugaland kontrollutvalssekretariat (128 000 kroner) og kjøp av revisjonstenester frå Rogaland revisjon (466 000 kroner)

### **Den norske kyrkja og kyrkjegard**

Kommunane har ansvar for alle kostnadar knytt til drift av kyrkje og kyrkjegard. Budsjettet for 2022 på 1.074.000 er på same nivå som i 2021, dvs ei prisjustert auke på 2,9 %. For drift av kyrkjegarden er det budsjettert med 154.000.

Av overføringa vert 117.000 ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester mellom anna føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard.

Når det gjeld ekstraordinært vedlikehald av kyrkja, vart den gamle planen for vedlikehald berre delvis gjennomført og kyrkja har fortsatt eit vedlikehaldsfond. Det er lagt inn avsetning til orgel på 50 000 årleg i planperioden.

### **Tilskot til tros - og livssynssamfunn er overført til staten frå 01.01.2021**

Stortinget har vedtatt ny trossamfunnslov som gjelder frå 1. januar 2021. Loven inneberer blant annet at staten overtar ansvaret for den kommunale delen av tros- og livssynssamfunn.

### **Næring**

Bokn kommune skal ha sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt.

Det skal leggjast til rette for å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar i tillegg til å skapa nye i den felles bu og arbeidsmarknaden Haugalandet er.

Bokn kommune har eit lokalt næringsfond som per oktober 2021 har 450.000 disponibelt. Beløpa som vert tildelt er små men har vore viktige tilskott både for etablerte verksemder og nyetablerarar. Det er ikkje sett av friske midlar til næringsfondet for budsjett 2022.

Bokn kommune er medlem av Haugland Vekst IKS som arbeidar med store regionale prosjekt som er viktige for utvikling og vekst på Haugalandet – særleg innanfor kommunikasjon , reiseliv, rekruttering , utdanning og etablering av viktige samfunnsinstitusjonar.

Bokn er inne i ei tid kor det er viktig å gjere seg klar med tanke på Rogfastutbygginga. Finansieringa av Rogfast vart vedtatt i desember 2020. Arbeidet med å bygge tunnel frå Kvitsøy har starta og Bokn – kontrakten lyses ut hausten 2021. I 2023 vert prosjektet synleg på Bokn . Kommunen har tru på at bygging - både i byggeperioden og etter ferdigstilling i 2028- vil skape positive ringvirkningar for næringsutvikling i kommunen.

Kommunen legg og gjennom sitt arbeide med arealdelen til kommuneplanen stor vekt på dialog med næringslivet for å få innspel om behov for å sette av nødvendig næringsareal på Bokn.

Bokn kommune sitt næringsapparat består av ordførar, kommunedirektør og teknisk sjef. I og med at kommunen er inne i ein rullering av arealdelen samanhaldt med at ein har kutta bruken av konsulentar har det ikkje vore tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp området på ein god nok måte. På grunn av at Bokn no er inne i eit skjeringspunkt med tanke på Rogfast, har kommunen vore i kontakt med Karmøy kommune om ei mogleg utviding av samarbeidet.

Den generelle samarbeidsavtalen har med Karmøy opnar opp for næring som eit mogleg område å samarbeid om. Kommunedirektøren har derfor lagt inn 250 000 kroner i budsjett til samarbeid med Karmøy på området. Relevante områder er bistand til oppfølging av Rogfastprosjektet, tilrettelegging for kommunale næringstomter, dialog med næringa, pådrivar for tverrsektorielle næringsamarbeid, representera Bokn i regionale møteplassar om næringsutvikling ved behov, oppfølging av regional næringsplan, reiseliv(oppfølging av Opplev Bokn og vidareutvikling ), eigarstyring Haugaland næringspark , Karmsund hamn, destinasjon Haugesund og Haugalandet.




## Rammeområde 2 – Kultur, skule og barnehage

### Driftsbudsjett og ramme

#### Kultur, skule og barnehage - Driftsramme

Beløp i kr	Økonomiplan					
	Regnskap 2020	Budsjett 2021	2022	2023	2024	2025
Budsjett 2021		25 470 586	25 470 586	25 470 586	25 470 586	25 470 586
Rammeendring			86 414	86 414	86 414	86 414
<b>Netto driftsramme</b>	<b>25 347 142</b>	<b>25 470 586</b>	<b>25 557 000</b>	<b>25 557 000</b>	<b>25 557 000</b>	<b>25 557 000</b>
<b>Rammeendringer</b>						
Lønns- og prisvekst			764 414	764 414	764 414	764 414
Tilpasning aktivitetsnivå - omfordeling mellom rammeområder		-	170 000 -	170 000 -	170 000 -	170 000 -
Styrking bibliotek			142 000	142 000	142 000	142 000
Innsparingskrav - 5 million til 2023 - Vedtatt budsjett 2020		-	325 000 -	325 000 -	325 000 -	325 000 -
Innsparingskrav administrasjon 1 million - Vedtatt budsjett 2021		-	325 000 -	325 000 -	325 000 -	325 000 -
<b>Sum rammeendring</b>			<b>86 414</b>	<b>86 414</b>	<b>86 414</b>	<b>86 414</b>

Ansvar	Budsjett 2022
200 - SKULEADMINISTRASJON	13 151 130
210 - Barnehage	6 442 750
220 - SFO	713 500
230 - Bibliotek	1 016 000
240 - Kultur	1 335 020
250 - Musikk og kulturskule	353 000
270 - IDRETT	277 500
299 - Oppvekst adm	1 330 100
330 - HELSESTASJON	838 000
331 - KOMMUNEJORDMOR	100 000
<b>Sum rammeområde</b>	<b>25 557 000</b>



Kommunedirektøren har over tid

fokusert på at Bokn kommune står ovanfor ei stor utfordring med tanke på demografi.

Framskrivningsmodellar for den demografiske utviklinga tilseier at utgiftsbehovet blant dei yngste innbyggjarane vil reduserast betydeleg dei neste åra i planperioden. Det betyr at inntektsbildet endrar seg, men og at utgiftsbehovet innanfor dei ulike aldersgruppene vil endra seg betydeleg framover. Til no har ikkje denne demografiske endringa endra korleis kommunen har gjort sine prioriteringar, og ein har stort sett prioritert som at demografien har vore stabil. Det er difor lagt inn reduksjon i budsjett for skule og barnehage som følgje av forventa nedgang i antal barn.

Skuleåret 2022/2023 vil ha ei vidareføring av dagens samanslåtte klassar, samt ha ei ny samanslåing. Dette vil gje ein reduksjon i årsverksbehovet for skulen med 0,8 årsverk. Reduksjonen blir tatt ved at ein ikkje vidarefører vikariat. Når det gjeld SFO, har kommunen i dag ei ordning som fører til at kommunen må ta ein stor del av kostnadane til drift av ordninga. Budsjett baserer seg på dagens drift/løysingsval ved SFO, men det vil i 2022 bli fremma forslag om ny modell for SFO. Ein vil i 2022 sjå nærare på bruk av overtid i skulen. I staden for å bruke tilsette i fulle stillingar som vikarar, har ein allereie starta arbeid med å knytte til seg faste vikarar som kan hentast inn ved behov i kortare eller lengre vikariat, med mål om å redusera bruk av overtid. I budsjett for 2022 er det lagt inn ei styrking

av biblioteket, med planlagt innføring av såkalla «Meiroppe bibliotek». Dette vil medføre ei auke i tilgjenge til biblioteket for Bogn sine innbygarar, med tilgang frå tidleg morgon til sein kveld alle dagar heile året. Det vil i biblioteket samstundes leggast til rette for egne studieplassar slik at ein uforstyrra kan sitje og studere på biblioteket når ein sjølv ynskjer det. Erfaringane frå både nabokommunar og andre samanlignbare kommunar viser at innføring av meirope bibliotek har gitt stor auke i både besøkstal og utlånstal for biblioteket.

### Kommunalsjefs vurdering

Ut frå befolknings- framskrivningane og dei økonomiske rammene i kommunen er det behov for å endre på korleis tenesta skule og barnehage blir innretta. Samstundes skal det arbeidast med mål om auka kvalitet i tenesta i tråd med både lokale behov og nasjonale føringar. I oppvekst og kultur ser ein difor eit behov for å styrkje mellom anna førebyggjande tverrfagleg innsats, samt at kommunen må arbeide vidare for skape arenaer der alle born og unge kan få delta i fellesskapet, la dei som ynskjer det få utvikle seg innan idrett og kultur, og skape gode og trygge møteplassar med aktivitet til ulike aldersgrupper.

Bogn skule fekk i 2020 grunna svake resultat på nasjonale målingar tilbod frå utdanningsdirektoratet om å delta i nasjonal oppfølgingsordning. Ordninga starta opp hausten 2020 og vil gå ut våren 2023. Målet med ordninga er å støtte skulen og kommunen i å drive utviklingsarbeid for å betre skulens resultat. Fyrste året i ordninga er definert som ein før-fase, og i denne fasen arbeide skulen systematisk og grundig med å finne utfordringsbilde då dette skulle legge grunnlaget for innsatsen i dei kommande to åra (frå hausten 2021 – våren 2023). Barnehagen blei trekt inn i ordninga etter anbefaling frå statsforvaltaren då ein ser det naturleg å ha ei tett kopling her. Det er dei same borna i barnehage som seinare går inn i skulen, og barnehagen legg derfor eit viktig grunnlag for borna sin vidare veg inn i skulen. Deltaking i oppfølgingsordninga er med på å gi skulen og barnehagen støtte til utviklingsarbeidet som er definert inn i handlingar under overskrifta «verkemiddel for å nå måla».

Det vert arbeidd på ei rekkje områder for å møte framtidens utfordringar i sektor oppvekst og kultur:

- **Fådelt skule.** Skulen er i dag ein fådelt skule der enkelte trinn er slått saman og har danna ein klasse. Storleiken på klassane i 2021/2022 varierer frå 8 til 20 elevar. Med ytterlegare nedgang i talet på born fram mot 2025, og som ein konsekvens av det reduksjon i dei økonomiske rammene for drift, vil det vere eit behov for å sjå vidare på korleis ein kan etablere rammer for organisering av fådelt skule som sikrar ei stabil drift samstundes som den blir tilpassa færre elevar.
- **SFO.** Ny nasjonal rammeplan for SFO trådde i kraft i august 2021. Skulen og dei tilsette i SFO er godt i gong med eit arbeid for å sikre at drifta og innhaldet i SFO er i tråd med rammeplanen. Årsplan for SFO skal gjenspegle dette.
- **Trygge barn på skuleveg.** Prosjektet omhandlar trafikksikring og skuleveg. Bogn kommune har gjennom tilskotsmidlar og folkehelsemidlar fått til ei 10% prosjektstilling for skuleåret 2021/2022 som jobbar med ulike tiltak i dette prosjektet. Målsettinga er å auke andelen elevar som går og sykklar til skulen, vere ein koordinator for sykkelopplæring i skulen, samt auke elevane sine kunnskapar om korleis dei skal ferdast trygt i trafikken. Nokre av tiltaka blir gjennomført. Det blir og arbeida med tiltaka som skal vere med på å redusere trafikken på i

og rundt skulen og barnehagen. Dette blir gjort i samarbeid med teknisk sektor, og er i tråd med tiltak som er vedteke i kommunens handlingsplan for trafiksikker kommune.

- **Inkludering av barn og unge i låginntektfamiliar i kultur og idrett.** Bokn kommune har sidan 2020 søkt og fått tildelt midlar gjennom eit tilskotsordning i bufdir. Ordninga er retta mot barn og unge i låginntektsfamiliar, og gir desse eit aktivitetskort som gir gratis inngang på kinoar, symjehallar, aktivitetssenter og kulturarrangement på Bokn og i nabokommunane på Haugalandet, samt deltaking på cupar/leiar i lag og organisasjonar der dei er medlem.
- **Tidleg og tverrfagleg innsats.** Kommunen har oppretta tverrfagleg team for skule og barnehage. I tillegg til representantar frå skule og barnehage deltek helsestasjonstenesta, PPT, barneverntenesta fast i alle møter. SLT og politikontakt deltek ved behov. Teamet har som formål å drøfte saker og setje inn tiltak på eit tidleg stadium på system og individnivå, og der ein ser det kan vere behov for tverrfagleg innsats.
- **Desentralisert/regional kompetanseordning for skule og barnehage.** Lokal ordning for kompetanseutvikling i både skule og barnehage ligg no til grunn i kvalitetsarbeidet i desse einingane. Kravet i ordninga er at kvalitetsutviklinga skal vere skule- og barnehagebasert gjennom eit føregåande analysearbeid av resultat og undersøkingar i eininga. Denne lokalt styrte og kunnskapsbaserte ordninga vil gi Bokn ei naudsynt, etterlengta og auka moglegheit til å utvikle seg både saman med og i samarbeid med kommunane rundt oss, samt at kommunen sjølv i større grad kan stå i førarsete for eige utviklingsarbeid.
- **Auka kulturlivet i Bokn.** Kommunen er i gong med tiltak for å skape eit levande kulturliv i kommunen med meir aktivitet for alle aldersgrupper. Biblioteket har i 2021 enda sine opningstider, og det blir jobba med planar for auka aktivitet og formidling gjennom heile året, og i eit tettare samarbeid med øvrige einingar i kommunen.
- **Kulturskulen.** Kulturskulen i Bokn har pr i dag eit undervisningstilbod, men det er etterspurnad etter fleire tilbod. Det blir arbeida med å få til fleire tilbod gjennom eit samarbeid med andre kommunar.
- **Idrett og fysisk aktivitet.** Bokn kommune stimulerer til aktivitet gjennom årleg tilskotsordning. Bokn arena gir alle lag og organisasjonar i Bokn kostnadsfritt rom for aktivitet i gode og moderne lokal. I løpet av 2022 får kommunen på lik linje med andre kommunar i fylke etablert ei dagsturhytte, finansiert gjennom tilskotsmidlar, spelemiddel og kommunal eigenandel. Formålet med denne etableringa er at den skal få alle innbyggjarar ut på tur, og oftare på tur. Kommunen samarbeidet med friluftsrådet om «Telltur» og har årleg 8 ulike turmål i kommunen.

Kva for tiltak/effektiviseringsgevinstar er innarbeida i budsjettet?

- Skuleåret 2022/2023 vil ha ei vidareføring av dagens samanslåtte klassar, samt ha ei ny samanslåing. Dette vil gi ein reduksjon i årsverksbehovet for skulen med 0,8 årsverk. Reduksjonen blir tatt ved at ein ikkje vidarefører vikariat.
- Grunnbemanning i barnehage. Bemanningsnorm og pedagognorm for barnehage gir rammer for drifta i Bokn barnehage. Barnehagebudsjettet for 2022 er justert for å tilpasse drift og spesialpedagogiske tiltak i planperioden.
- Kravet til tilbod om at kommunane skal ha ei skolefritidsordning er heimla i opplæringslova § 13 – 7 *Skolefritidsordninga*. Bokn kommune har ei SFO ordning i dag som fører til at

kommunen må ta ein stor del av kostnaden til drift av ordninga. Kommunen kan krevje å få desse utgiftene dekkja av eigenbetaling jmf. Opplæringslova §13-7. I gjennomsnitt dekker Bokn kommune slik ordninga er pr i dag årleg mellom 500 000 og 600 000 av kommunalt budsjett. Det vil i 2022 bli fremma forslag om ny modell for SFO.

- Heiltidskultur. Kommunen har som mål at tilsette som ynskjer det skal få varig høgare stillingsbrøk. Dette er eit tiltak som er med på å behalde arbeidstakarar i kommunen og skape ei stabil drift i einingane.
- Få ned bruk av overtid i skulen. I staden for å nytte tilsette i fulle stillingar som vikarar, startar ein allereie før nytt skuleår med å knytte til seg faste vikarar som kan hentast inn ved behov i kortare og lenge vikariat. Dette gir redusert bruk av overtid, noko som gir økonomisk gevinst på sikt.
- Bokn barnehage over nokre år hatt ein negativ differanse mellom foreldrebetaling for kost og dei faktiske driftsutgiftene. Det er i SU vedteke at sats for kost kan aukast opp frå 2022, samstundes vil ein redusere i budsjettet slik at det her blir balanse mellom inntekter og utgifter i kostpengar.
- Sjukefråværsoppfølging. Kommunen har her eit samarbeid med NAV arbeidslivsenter og bedriftshelsetenesta AktiMed om sjukefråværsoppfølging. Det er utarbeida nye rutine for oppfølging i 2021 der ein definerer eit tydeleg ansvar både til leiar og tilsett i sjukefråværsoppfølginga. Ny rutine legg og opp til at tilsett skal varsle leiar på eit tidleg tidspunkt/før ein går til lege når ein står i fare for å bli sjukemeldt. Hensikten er å få til ein samtale rundt moglege tilretteleggingar i arbeidet. Med ny rutine og tettare samarbeid med bedriftshelsetenesta har kommunen som mål å ha eit stabilt sjukefråværet på 5%. Redusert sjukefråvær vil gi ei meir stabil drift.
- Vidareføring av tiltaka rundt arbeidsmiljø i einingane som ein har arbeida med i 2021. Det er god økonomi i det å ha personale som trivst på arbeidsplassen, eit godt arbeidsmiljø og ei god leiing som saman med dei tillitsvalde og verneombod har høgt fokus på HMS tiltak.
- Kompetanse for kvalitet. Skulen og barnehagen legg til rette for at tilsette kan søke om å ta vidareutdanning gjennom udir si ordning «Kompetanse for kvalitet». Kommunen får dekkja vikarutgifter for tilsette som tek vidareutdanning gjennom denne ordninga.
- Leige av kommunale lokaler. Kommunen arbeider med å innføre ei digital bestillarløysing som gjer det enklare for alle som ynskjer å låne/leige lokalar av kommunen, samt at det for kommunen vil bli enklare å administrere inntekter knytt til utleige, samt ivaretaking av krav til branntryggleik.

#### *Konsekvens for drift av tiltaka*

- **Fåddelt skule.** Reduksjon i årsverk i skulen grunna fleire samanslåingar av trinn vil ikkje medføre overtal i årsverk etter som dei blir reduserte gjennom at vikariat ikkje blir forlenga.
- **SFO ordning.** Endring i SFO drift vil gi noko auka inntekt slik at ein i får redusert differansen mellom utgifter og inntekter. Det vil i arbeidet med å finne fram til ein god modell vere naudsynt å vurdere endringar i betalingsssats opp mot eit eventuelt fråfall av born som vil nytte SFO.

- **Utleige av kommunale lokaler.** Med innføring av digitalt bestillarsystem for lån/leige av kommunale lokaler vil alle få betre oversikt over ledig kapasitet, auka forutsigbarheten, sikre nødvendig dokumentasjon, samt effektivisere drifta.

## Aktivitet og nøkkeltal

### Skule

Hovudmål	Delmål	Indikator	Måling 2018	Måling 2019	Siste måling 2020	Mål for 2022
Høg pedagogisk kvalitet i skule og barnehage	Læringsmiljø	Elevdemokrati og medverknad 7.trinn	3,4	*	3,6	3,7
		Elevdemokrati og medverknad 10.trinn	2,4	2,8	3,6	3,7
Opplæring som kvalifiserer for innsats i dagens arbeidsliv og kunne gå inn i yrker som ennå ikkje er skapte.	Læringskultur	Læringskultur 7.trinn	3,5	*	3,6	3,7
		Læringskultur 10.trinn	3,0	3,3	4,0	4,1
	Støtte frå lærar	Støtte frå lærar 7.trinn	4,1	*	4,2	4,2
		Støtte frå lærar 10.trinn	3,3	3,7	4,2	4,2
Motivasjon	Motivasjon 7.trinn	3,2	*	3,5	3,6	
	Motivasjon 10.trinn	2,6	3,0	3,9	4,0	
Skape robuste born og unge	Skolemiljø1	Mobbing 7.trinn	*	*	0	0
		Mobbing 10.trinn	*	3,6	0	0
	Trivsel	Trivsel 7.trinn	4,2	*	4,2	4,2
		Trivsel 10.trinn	3,2	3,6	4,4	4,2
Læringsresultat2	NP 5.trinn lesing	37	47	43	45	
	NP 8.trinn lesing	53	44	42	47	
	NP 9.trinn lesing	52	57	48	50	

\* Tal er unnateke offentlegheita grunna for få elevar på trinnet.

*Verkemiddel for å nå måla:*

*Handling 1: Kompetanseheving*

Det er kontinuerleg behov for kompetanseheving i skulen. Både for vidareutdanning (formell utdanning/studiepoeng) og etterutdanning.

*Kompetanse for kvalitet*

1 Tall på mobbing blir oppgitt i prosent av antall elevar som har besvart undersøkinga. Øvrige tal er skåringstall. Skala på skåringstal går frå 1 – 5.

2 Oppgitt i skalapoeng. Det er viktig for skulen å sjå på gjennomsnittet i samanheng med fordelinga av elevar på mestringsnivåa. På 5. trinn er det 3 nivå og på ungdomstrinnet (8. og 9. trinn) er det 5. Til kvart nivå er det laga ei beskriving av kva elevar på nivået typisk meistarar.

Halde fram med å gi lærarar vidareutdanning i *Kompetanse for kvalitet* for å nå krav om at alle lærarar i grunnskulen som underviser i faga matematikk, norsk, engelsk og teiknspråk skal ha fordjuping i desse faga innan 2025.

I dag oppfyller alle lærarane som underviser på Bokn skule krava i høve til gjeldande reglar. I åra som kjem treng skulen auka kompetanse i særleg matematikk og teiknspråk. Dei siste åra har skulen hatt to til tre lærarar som har tatt vidareutdanning innan ordninga *Kompetanse for kvalitet*.

Vidareutdanninga blir finansiert gjennom ein prosentdel statlege midlar, ein del kommunale midlar og eigenandel.

#### *Skuleleiarutdanning*

Kommunen har eit mål om at skuleleiinga på skulen (rektor og inspektør) skal ha minimum 30 studiepoeng innan skuleleiing eller anna administrative-/leiingsfag. Ei god og fagleg sterk leiing på skulen er viktig i høve til å vidare utvikle Bokn skule til å vere ein god læringsarena for elevane og gi dei eit trygt og godt skulemiljø.

#### *Kollektiv profesjonsutvikling*

Skulen må ha eit kontinuerleg fokus på systematisk utvikling. Det må settast i verk kompetansetiltak som inneber at personalet på skulen kan drive kollektiv profesjonsutvikling. Dette handlar om refleksjon over eigen praksis, felles faglege oppdateringar, praktiske utprøvingar og deling av erfaringar.

I Fagfornyinga (LK20), er profesjonsfellesskapet nemn spesifikt som ein føresetnad for god skuleutvikling. Utviklingsarbeid i skulen skjer på skulen, men også mellom skular/kommunar på felles kurs- og plandagar. Bokn skule har som mål i 2022 å få til eit tettare samarbeid med ein fådelt skule i ein av nabokommunane.

I 2022 – 2023 vil skulen drive felles utviklingsarbeid på fylgjande hovudområder:

- Trygt og godt skulemiljø i samarbeid med Læringsmiljøsentret.
- Lesing i alle fag i samarbeid med HVL.
- Fagfornyinga – jobbe oss vidare inn i den nye læreplanen
- Utvikle eit sterkt og kollektivt profesjonsfellesskap

#### *Handling 2 – trygt og godt skulemiljø.*

Skuleåret 2019/20 blei det etablert eit samarbeid med læringsmiljøsentret ved UIS ut frå eit uttalt behov i skulen om støtte til utvikling av skulemiljø og læringsmiljø. Skulen etablerte som fyrste tiltak hausten 2020 eit Innsatsteam etter anbefaling frå læringsmiljøsentret. Teamet skal vere ein ressurs i arbeidet med skulemiljø, og ha god kompetanse på korleis ein skal arbeide for å oppfylle krava i kapittel 9a i Opplæringslova om eit Trygt og godt skulemiljø. Rektor er leiar for teamet som i tillegg er satt saman av undervisningsinspektør, sosialrådgjevar, helsesjukepleiar, SFO-koordinator og PPT-koordinator. Teamet jobbar både med saker på systemnivå, men bidreg og som ressurs inn i enkeltsaker/klassar. Teamet har og ei viktig rolle i høve til å kartlegge og rettleie andre tilsette i arbeidet med elevane sitt skule- og klassemiljø.

#### *Handling 3 – læringsmiljø.*

Skulen har over nokre år hatt låg skår på motivasjon og elevmedverknad i elevundersøkinga. Tiltak i høve til dette er iverksett gjennom samarbeid med læringsmiljøsentret. Eit trygt skulemiljø er grunnleggande for å oppnå eit godt læringsmiljø med høgt læringstrykk. Samarbeidet med

læringsmiljøsentret vil i tillegg til tema om skulemiljø og ta for seg ulike tema knytt til det å skape eit godt læringsmiljø på skulen. Målet er at det i løpet av perioden samarbeidet går (2021 – 2023) skal utviklast system og rutinar med tiltak som er med på å skape eit læringsmiljø med høgt læringstrykk, og kor elevane er motiverte for læring og opplev meistring. Elevrådet og FAU vil involverast i arbeidet og vere ein viktig samarbeidspart. Innsatsteamet er og i dette arbeidet eit ressursteam på same måte som i arbeidet med skulemiljø.

#### *Handling 4 – lesing i alle fag.*

Skulen har gjennom analysearbeid kartlagt svake resultat i lesing. Gjennom desentralisert kompetanseordning vil Bokn skule arbeide med å betre resultatene i lesing på nasjonale prøvar gjennom satsinga «*lesing i alle fag*». Det vil i 2022 bli arbeid med å auke kompetansen blant lærarane for å betre kunne lese og forstå resultatene i Nasjonale prøvar, og korleis ein ut frå dette kan betre kan planlegge undervisninga for både heile klasse men og den enkelte elev. Det vil og i dette arbeidet vere viktig for skulen å sjå på gjennomsnittet på resultatene av nasjonale prøvar i samanheng med fordelinga av elevane på dei ulike mestringsnivå. I nasjonale prøvar har 5. trinn 3 nivå, medan det på ungdomstrinnet (8. og 9. trinn) er 5 mestringsnivå. Til kvart nivå er det laga ei beskriving av kva elevar på nivået typisk meistrar. Målet er at skulen skal skape ei forskyving av elevar på mestringsnivå der ein har få eller ingen elevar på mestringsnivå 1, samt får fleire elevar opp på dei høgaste mestringsnivåa.

System for andre typar kartleggingar av elevane, og oppfølginga av desse vil og evaluerast i perioden, og rutinar for korleis skulen skal arbeide med og nytte ulike kartleggingar vil reviderast. Skulen vil i løpet av skuleåret 2022/2023 ferdigstille ein leseplan for heile grunnskulen for å sikre ei vidareføring av arbeidet som blir gjort i satsinga.

## Barnehage

Hovudmål	Delmål	Indikator	Måling 2018	Måling 2019	Siste måling 2020	Mål for 2022
	Økonomi	Halde budsjett				
Høg pedagogisk kvalitet i skule og barnehage	Pedagognorm som er innanfor kravet om minimum 47% av total bemanning.	Andel pedagogar i grunnbemanning (i prosent) <sup>3</sup>	46,3		50,01	50,01
	Bemanning som er innanfor bemanningsnormen	Barn pr tilsett <sup>4</sup>	5,2		5,4	
Opplæring som kvalifisere for innsats i dagens arbeidsliv og kunne gå inn i yrker som ennå ikkje er skapte.  Skape robuste born og unge	Trygt og godt barnehagemiljø og sosial kompetanse	Barnet sin trivsel (foreldreundersøkinga)	4,4		4,9	4,9
		Barnet si utvikling (foreldreundersøkinga)	4,3		4,6	4,6
	Ute og innemiljø	Barnehagen sine uteareal (foreldreundersøkinga)	3,2		2,8	3,2
		Barnehagen sine lokale (foreldreundersøkinga)	3,6		3,3	3,6
		Barnehagen sine leiker og utstyr (foreldreundersøkinga)	3,6		3,4	3,6
		Barnehagen sitt mattilbod (foreldreundersøkinga)	2,9		2,8	3,5
	Medverknad	Svarprosent på forelderundersøkinga (foreldreundersøkinga)	48,6		35,3	60

Merk: Foreldreundersøkinga som er utdanningsdirektoratet si brukarundersøking blir gjennomført annakvart år (partals år). Tala frå foreldreundersøkinga er oppgitt i skalapoeng. Skala går frå 1 – 5 der 5 er høgaste skalapoeng.

### Verkemiddel for å nå måla:

#### Handling 1: Kompetanseheving

Det er kontinuerleg behov for kompetanseheving i barnehage. Både for vidareutdanning (formell utdanning/studiepoeng) og etterutdanning.

#### Kompetanse for kvalitet

Tilsette i pedagogar kan søke om vidareutdanning gjennom utdanningsdirektoratet si ordning *kompetanse for kvalitet*. Tilsette kan gjennom denne ordninga få lønn under utdanning medan dei blir frikjøpt i delar av stillinga. Vidareutdanninga blir finansiert gjennom ein prosentdel statlege

<sup>3</sup> Norm for pedagogtettleik er på 14 born pr pedagog. Eit born under 3 år tel som to born over 3 år.

<sup>4</sup> Norm for bemanning er på 6 born pr tilsett. Eit born under 3 år tel som to born over 3 år.



midlar, ein del kommunale midlar og eigenandel. Tilsette blir oppfordra til å nytte seg av denne ordninga.

### *Barnehageleiarutdanning*

Kommunen har eit mål om at barnehageleiing (styrar) skal ha minimum 30 studiepoeng innan skuleleiing eller anna administrative-/leiingsfag. Ei god og fagleg sterk leiing i barnehagen er viktig i høve til å vidare utvikle Bokn barnehage til å vere ein arena der barna skal få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng i eit trygt miljø prega av omsorg, humor og glede.

### *Kollektiv profesjonsutvikling*

Barnehagen må ha eit kontinuerleg fokus på systematisk utvikling. Det må settast i verk kompetansetiltak som inneber at personalet på kan drive kollektiv profesjonsutvikling. Dette handlar om refleksjon over eigen praksis, felles faglege oppdateringar, praktiske utprøvingar og deling av erfaringar.

I rammeplan for barnehage står det å lese at «*Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar*» (s.15 i rammeplan for barnehage). Utviklingsarbeid i barnehagen skjer både i det daglege arbeidet i barnehagen, men og gjennom deltaking på felles leiarsamlingar og nettverkssamlingar med barnehagar i Karmøy kommune.

I 2022 – 2023 vil barnehagen drive utviklingsarbeid på fylgjande hovudområde:

- Trygt og godt barnehagemiljø i samarbeid med Læringsmiljøsentret.
- Utvikle eit sterkt og kollektivt profesjonsfellesskap
- Barnehagen sitt inne- og utemiljø

### *Handling 2: Trygt og godt barnehagemiljø.*

Frå januar 2021 trådde endringar i barnehagelova i kraft som omhandlar retten til eit trygt og godt barnehagemiljø. Skulen og barnehagen har med det samsvarande lovformuleringar om kva ansvar kommunen og den enkelte skule/barnehage har for å oppfylle dette. Barnehagen har som mål for perioden og vidareutvikle eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø kor alle born får vidareutvikle sin sosiale kompetanse, opplever tryggleik og vere inkludert. Barnehagen vil i løpet av 2022 opprette eit innsatsteam på lik linje med innsatsteam for skulen. Teamet skal vere ein ressurs i arbeidet med barnehagemiljø, og ha god kompetanse på korleis ein skal arbeide for å oppfylle krava i tråd med kapittel 8 i barnehagelova. Styrar vil bli leiar for teamet som i tillegg vil bestå av alle pedagogane i barnehagen og helsesjukepleiar. Teamet vil ha som mål å jobbe med saken både på systemnivå, men og i forhold til enkeltsaker. Teamet har også ei viktig rolle i høve til å kartlegge borna sitt barnehagemiljø saman med resten av personalet. Barnehagen vil i 2022 starte med eit samarbeid med læringsmiljøsentret som følgje av at kommunen er i oppfølgingsordninga. Målet er å arbeide vidare med tema «*autorative vaksne*» som barnehagen tidlegare har jobba aktivt med, samt utdanningsdirektoratet sin digitale kompetansepakke om trygt og godt barnehagemiljø.

### *Handling 3: Inne- og utemiljø*

Gjennom regional kompetanseordning (rekom) skal barnehage drive eit utviklingsarbeid knytt til leikemiljø. Leiken er ein viktig arena for born si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.

Barnehagen har sidan 2019 arbeida med å utvikle leikemiljøet i barnehagen gjennom kompetanseheving for alle tilsette, og ved å sjå på korleis ein kan skape gode vilkår for leik, vennskap og borna sin eigen kultur. Tilsette i barnehagen jobbar med å sjå på korleis dei kan inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Uteleikeplassen til barnehagen slik den er utforma i dag er

lite inspirerende, den er mangelfull i forhold til rom for grovmotorisk fysisk aktivitet, og har manglende inndeling i tydelege «sonar» for ulike leik/aktivitet. Som ein del av dette ser barnehagen at det gir stor gevinst i å nytte naturen som leikeplass – her blir borna utfordra fysisk samstundes som naturen gir meir rom for ulike typar leik. Naturen er ein fin arena der born raskt oppleve fysisk motorisk mestring, sansar blir stimulert, samstundes som ein får øvd på å utvikle sin sosiale kompetanse.

## Helsestasjonstenesta

Hovudmål	Delmål	Indikator	Måling 2018	Måling 2019	Måling 2020	Mål for 2022
Å leggje til rette for at born og unge skal ha eit trygt og godt lærings- og oppvekstmiljø kor dei har gode arenaer for sosialt samspel og aktivitet, og kor dei føler seg inkludert.	Helsefremmande lokalsamfunn	Andel ungdom som er med i fritidsorganisasjon (Ungdataundersøkelsen, neste måling 2021)	65%			70%
		Andel ungdommar som er nøgd med lokalmiljø (Ungdataundersøkelsen, neste måling i 2021)	75%			80%
Å jobbe for eit inkluderande samfunn, og unge i arbeidsfør alder skal ut frå sine individuelle føresetnader få moglegheiten til tilpassa arbeid og aktivitet med trygge rammer og tett oppfølging. Ein trygg oppvekst bidrar til å skape ein god og robust psykisk helse, og vil bidra til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar kor dei utviklar psykiske plager og lidingar.	Livskvalitet og psykisk helse. Fysisk aktivitet for alle.	Ungdomsskuleelevar som har vore beruset (Ungdataundersøkelsen, neste måling er i 2021)	43,5%			0%
		Mykje plaga av einsemd (Ungdataundersøkelsen, neste måling er i 2021)	46%			30%
	Tidlig hjelp for barn og ungdom ved vansker	Individuell samtale med alle elevar på 5.trinn og 8.trinn		100%	100%	100%
Andel gravide som får oppfølging av jordmor				100%	60%	100%
	Tidleg forebyggjande innsats	Deltaking på COS kurs for foreldre med born i alderen 0-3 år				50%

*\*Samtale med alle elevar på 8.trinn etter start på ungdomsskolen blir gjennomført. Innfører og samtale med alle elevar på 5.trinn frå 2022.*

### Verkemiddel for å nå måla:

#### Handling 1: Fokus på tidleg innsats

Tiltak for tidleg innsats for barn og unge. Kommunen har oppretta tverrfagleg team for skule og barnehage. Her møter skule, barnehage, helsestasjonstenesta saman med barnevern og PPT for å drøfte og vurdere og evaluere tiltak både i forhold til saker på system og individnivå på eit tidleg tidspunkt. Helsestasjonstenesta skal i 2022 arbeide med fylgje opp og sikre at tenesta er i tråd med

nasjonal fagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta og nasjonal fagleg retningslinje for svangerskapsomsorg og barselomsorg. Kommune vil i løpet av 2022 vidareføre og utvikle foreldrerettleiing og forebyggjande tiltak for barn og unge si psykiske helse.

### Handling 2. Inkluderande og mangfaldig kommune

Folkehelsearbeidet må rettast inn med innsats på mange ulike nivå. Arbeidet er både strategisk og befolkningsretta og skal nå alle uavhengig av sosial ulikskap i helse. Folkehelsearbeidet skjer i alle kommunale etatar, regionale og statlege aktørar, næringsliv, frivillige organisasjonar m.m. Derfor er innsatsen og delmåla breidt beskrive under ulike sektorar. Folkehelsearbeidet skjer i lokalsamfunn der folk lever og bor, på skulane, på fritida, på arbeidsplassane, i nabolaget og i heimane. I Bokn har folkehelseansvaret plassert på ei gruppe på tvers av etatane. I oppvekst har ein ansvar for nokre spesifikke tiltak for folkehelse kor helsestasjonstenesta er med som ansvarleg i arbeidet. Dette gjeld mellom anna

- Leiren «ett steg opp» for å styrke ein overgang mellom barne- og ungdomsskulane
- Rusforebyggjande arbeid i skulen og barnehagen i samarbeid med styrar, rektor, SLT og politikontakt.
- Sjølvmondsforebyggjande arbeid

### Kultur og idrett

Hovudmål	Delmål	Indikator	Måling 2018	Måling 2019	Siste måling 2020	Mål for 2022
Å auka trivselen til boknarane i eit rikt og trygt miljø samt vidareutvikla kommunen sitt særpreg.	Biblioteket skal vere ein møteplass for inkludere, skape mangfald og kreativitet.	Besøktal	5015	3663	961	5500
		Utlånsstatistikk	7130	6809	3733	7500
		Arrangement (inkl. arrangement som er knytt til skulebibliotek, kulturell skulesekk, kulturell spaserstokk)	71	65	6	60
Få dei unge til å trivast så godt i Bokn at dei vender tilbake etter end utdanning.	Skapa gode arenaer for aktivitet for born, unge og vaksne.	Drift av Petra fritidsklubb				
		Organisert aktivitet i Bokn for born og unge.				
Kombinasjonsbiblioteket skal vera ein uavhengig møteplass for alle og fremja opplysning, utdanning og ei brei kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling, kulturformidling og ved å stilla bøker og anna	Inkludere barn og unge frå låginntektsfamiliar i kultur og idrett	Besøktal bygdekino		564 (40filmar)		650
		Tall på frivillige organisasjonar/lag som blir tildelt tilskot	11	10	10	10
		Søke om tilskott til ulike ordningar/ ordning med aktivitetskort 5 gjennom bufdir.			Tildelt 30 000,-	Søke tilsvarande som i 2020.

5 Bokn kommune søkte om først om tilskot i ordninga i 2020.

materiell til disposisjon for alle.	Bevara og formidla lokal kunst- og kulturhistorie	Besøktal Bokn bygemuseum	130	55	45	100
Dokumentera, bevara og formidla kunnskap om felles kulturarv	Barn og unge med en djup interesse innan kunst og kultur skal ha gode moglegheiter for vidareutvikling	Born 6 – 15 år i kulturskulen (oppgitt i prosentandel)		13%	10%	15%
Oppretthalda og utvida eit variert musikk- og kulturskuletilbod.						

*Merk: Bokn kommune vil arbeide med å lage måltal for aktivitet for born og unge og drift av fritidsklubb.*

*Verkemiddel for å nå måla:*

*Handling 1: Auka aktivitet og eit meir tilgjengeleg bibliotek*

Biblioteket har i 2021 hatt som mål å få eit tettare samarbeid med skulen. Biblioteket har fått eigen utlånsmaskin for skuleelevar, og deltek jamt på samarbeidsmøte med lærarane for å få til ein samanheng mellom tema i opplæringa og enklare kunne hente fram aktuell litteratur til dette på biblioteket. Det er utarbeida rutinar og planar for samhandling mellom biblioteket, skule og barnehage med mål om auka leseglede og interesse for bøker, samt at born og unge skal oppleve at biblioteket er ein arena dei kan vere på og i fritida. Biblioteket har endra opningstid og har no ope i alle skuleferiar bortsett frå 3 veker på sommaren. I skuleferiane blir det lagd opp til aktivitet retta særleg mot barn og unge. Biblioteket er i gong med å legg planar fram i tid med ulik aktivitet, og har samarbeid med både lokale organisasjonar og lag, samt profesjonelle aktørar når programmet for året skal utarbeidast. Biblioteket vil og ha som oppgåve å utruste kommunen si dagsturhytte med bøker når hytta står klar til bruk. For å få til auka tilgjenge for bokn sine innbyggjarar er et i 2022 planlagt å innføre såkalla «Meiroppe bibliotek». Dette vil medføre at alle med registrert lånekort sjølve kan gå inn i biblioteket frå tidleg morgon til seine kveld alle dagar heile året ved å bruke lånekortet som åtgangskort. Bøker som er reserverte kan då hentast sjølv om biblioteket ikkje er betent, etter som det blir installert maskin for utlån og innlevering. Det vil i biblioteket samstundes leggest til rette for eigne studieplassar slik at ein uforstyrta kan sitje og studere på biblioteket når ein sjølv ynskjer det. Erfaringane frå både nabokommunar og andre samanlignbare kommunar viser at innføring av meirope bibliotek har gitt stor auke i både besøktal og utlåntal for biblioteket. Biblioteksjefstillinga er frå 2022 auka med 11% (frå 89 – 100%stilling) for betre å kunne løyse alle tiltaka som er iverksett samt kunne iverksette nye tiltak. Dette er og i tråd med kommunens mål om å kunne tilby 100% stilling til alle tilsette som ynskjer dette.

*Handling 2: Stimulere til aktivitet i kultur og idrett for innbyggjarar i alle aldrar*

Kommunen har drift i fritidsklubb for unge gjennom foreldredugnad. Behovet for auka aktivitet og eit kulturhus/aktivitetshus kan realiserast når ny skule står klar etter som det her er lagt inn areal tilpassa kulturformidling, kulturskule og areal for aktivitetshus/fritidslokal for barn og unge. Det er ikkje funne rom for ein kulturhus/fritidsklubb medarbeidar i budsjett for 2022, men det vil i løpet av året jobbast med å sjå på korleis ein kan finne rom for dette ved å innføre innsparingstiltak i andre einingar. Kommunen er med på å stimulere til aktivitet i kultur og idrett gjennom årleg tilskot til frivillige lag og organisasjonar, og aktivitet til barn og unge blir prioritert i tildelinga. Dette er foreslått vidareført i 2022. Det er under utarbeiding forslag til nye retningslinjer for kulturmidlar som vil

leggast fram for politisk behandling innan våren 2022. Bygdekinoen har aktivitet kvar 14. dag med to framvisingar. Med fokus på auka marknadsføring, samarbeid med biblioteket samt med eit nyleg inngått samarbeid med filmfestivalen har ein som mål å auke besøkstala noko meir i 2022.

#### *Handling 3: Sikre kulturformidling og lokal kulturhistorie*

Bokn kommune er med i regionsmuseet Haugalandsmuseet AS. Dette sikrar kommune større tilgang til formidling, utstillingar, digital formidling og tilrettelagt formidling til skule og barnehage. Kommunen vil vidareføre samarbeidet og jobbe for at innbyggjarane i kommunen vert ytterlegare kjend med lokalkultur og lokalhistorie gjennom mellom anna auka publisering av arrangement. Vidare vil kommunen greie ut moglegheitene for korleis ein kan samle museumsbygningane i Bokn for å skape attraktivt museumsområde som vil vera med på å styrka historia og identitetskjensla til boknarane.

#### *Handling 4: Inngå samarbeid om kulturskuletilbod med andre kommunar*

Nasjonal målsetting for kulturskule er at 30% av barn og unge i alderen 6 – 15 år skal ha eit tilbod i kulturskulen. Bokn kommune har jamn etterspørsel etter ulike kulturskuletilbod. Ut frå dagens driftsramme er det ikkje mogleg å få til ei auke som vil gi eit meir variert tilbod innan alle uttrykksformene (musikk, dans, drama, kunst). Kommunen ser at dette truleg kan løysast ved å inngå samarbeid med andre kommunar. Ein vil då kunne utvide tilbodet noko og få til eit meir variert tilbod innanfor budsjettramma. Kommunen vil i løpet av våren 2022 legge fram eit forslag til løysingar gjennom kommunesamarbeid for å auke tilbodet i kulturskulen innanfor dagens budsjettramme.

### Gjeldande planar og planstatus

**Oppvekstplan for 2022 – 2026.** Planarbeid startar opp ved årsskiftet. Planlagt ferdig til politisk behandling i 2022.

**Leseplan for 1.-10. trinn ved Bokn skule.** Skal utarbeidast og vil vere klar i løpet av 2022.

**Plan for trygt og godt skule og barnehagemiljø.** Er under utarbeiding og vil leggast fram for politisk behandling våren 2022.

**Bibliotekplan for Bokn folke- og skulebibliotek 2022 – 2026.** Skal utarbeidast og vil vere klar for politisk behandling i løpet av 2022.

**Handlingsplan: Vald i nære relasjonar 2021 – 2024.** Handlingsplanen skal sikre at Bokn kommune har fokus på vald og overgrep, og at dei som er råka får eit tilbod som er tilrettelagt og heilskapleg. Hjelpetilboda innanfor området skal vere kunnskapsbasert og samordna, og sikre at kommunen fyller lovkrava om å førebyggje, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Handlingsplanen skal auke kunnskapen hos dei tilsette i kommunen og styrkje samhandling mellom faggrupper, sektorar og ulike forvaltningsnivå.

**Ruspolitisk handlingsplan 2021 – 2024.** Planen skal gi eit kort overblikk over rusmiddelsituasjonen i dag, synleggjere kva utfordringar ein står ovafor og kva som er tiltak og fokusområde i planperioden. Planen for rusfeltet skal bidra til ein forbetra, forsterka, tverrsektoriell og samordna førebyggjande innsats og innsats ovafor grupper som står i fare for, er i ferd med å utvikle eller har lettare/moderate rusproblem, for personar med alvorleg rusavhengigheit, samt deira pårørande.

**Plan for idrett og fysisk aktivitet 2022 – 2026.** Planen er revidert hausten 2021 med utgangspunkt i førre planperiode som var for 2014 – 2022. Planen må sjåast i samanheng med gjeldande

kommuneplan. Ein godkjend plan for idrett og aktivitet er ein føresetnad for å søkje spelemidlar til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg i kommunen, jf Kulturdepartementet.

**Handlingsplan for folkehelse.** Blir revidert årleg ut frå statistikk og oversiktsdokument om folkehelsestanden i kommunen.

**Handlingsrutine for trygt og godt skulemiljø 2020 – 2022.** Skal sikre systematisk arbeid og oppfylging av lovkrava i kapittel 9a i opplæringslova.


**Handlingsrutine for trygt og godt barnehagemiljø 2021 – 2023.** Er under utarbeiding. Skal sikre systematisk arbeid og oppfylging av lovkrava i kapittel 9a i opplæringslova.

## Rammeområde 3 – Seksjon Helse, pleie og omsorg

### Driftsbudsjett og ramme

Beløp i kr	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Budsjett 2021		24 927 600	24 927 600	24 927 600	24 927 600	24 927 600
Rammeendring			2 399 800	2 399 800	2 399 800	2 399 800
<b>Netto driftsramme</b>	<b>28 020 011</b>	<b>24 927 600</b>	<b>27 327 400</b>	<b>27 327 400</b>	<b>27 327 400</b>	<b>27 327 400</b>
<b>Rammeendringer</b>						
Lønns- og prisvekst			722 400	722 400	722 400	722 400
Tilpasning aktivitetsnivå - omfordeling mellom rammeområder			500 000	500 000	500 000	500 000
Rammeøkning - Demografibasert			1 477 400	1 477 400	1 477 400	1 477 400
Innsparingskrav - 5 million til 2023 - Vedtatt budsjett 2020			- 300 000	- 300 000	- 300 000	- 300 000
<b>Sum rammeendring</b>			<b>2 399 800</b>	<b>2 399 800</b>	<b>2 399 800</b>	<b>2 399 800</b>

Ansvar	Budsjett 2022
300 - ADMINISTRASJON HELSE	1 171 000
310 - PLEIE OG OMSORG	16 947 500
320 - LEGEKONTOR	2 415 900
340 - PSYKIATRISK SJUKEPLEIE	813 000
341 - Psykisk helse	2 844 000
360 - FYSIOTERAPI	668 000
370 - AKTIVITET	2 468 000
<b>Sum rammeområde</b>	<b>27 327 400</b>



Bokn kommune hadde 859

innbyggjarar pr 01.01.21, det

vil sei tilsvarende 1% befolkningsauke frå 2020 til 2021. Demografiutviklinga viser ei auka blant eldre over 80 år, medan talet på born og unge minkar. For å sikre god livskvalitet hjå menneske som framleis vil velje å bu på Bokn i høg alder, vil det vere viktig å arbeide for gode helsetenester i åra som kjem. Det å utvikle tenestetilbodet i takt med behov kan vere utfordrande, dette fordi det i mange tilfelle fylgjer med auka utgifter når nytt tilbod skal etablerast. Samtidig er det ikkje alltid mogleg å søke om skjønnsmidlar for å få dekke utgiftene kommunen får. Vi vil og i 2022 arbeide aktivt for å søkje på eksterne skjønnsmidlar når desse vert lyst ut.

Det er lagt inn ei auke i ramma på helse basert på demografiutvikling. Ramma til helse har vore haldt tilnærma uendra dei seinare år, på tross av fullt belegg på sjukestova, auke i ressurskrevjande tenester. Ramma er difor løfta opp på eit nivå som skal reflektere dagens drift. Rammeområdet får inntekter frå Karmøy kommune for sal av 6 sjukeheimplassar som gjer at ein kan oppretthalde dagens drift.

## Kommunalsjefs vurdering

Kommunen har høg produksjon av omsorgstenester knytt til heildøgns omsorg. Ut frå befolkningsframskrivingane og dei økonomiske rammene i kommunen, samt nasjonale føringar, er det behov for å styrkje mellom anna førebyggjande, helsefremmande og rehabiliterande tenester, slik at fleire kan bu heime lengst mogleg.

Det vert arbeidd på ei rekkje områder for å møte framtidens utfordringar:

- Rekruttering av kommunepsykolog i 20% stilling. Kommunen har arbeidd aktivt med å knyte til seg ein kommunepsykolog dette året, men utan hell. Vi har difor måtte sjå på andre løysingar og er i startgropa om eit interkommunalt samarbeid, der Karmøy kommune har vore i kontakt med Bokn for å høyre om vi er interessert i etter kvart å etablere eit samarbeid om kommunepsykolog på det nye helsehuset dei skal bygge på Raglamyr. Då det er fleire kommunar som strevar med å få tilsett kommunepsykolog, er tanken at det på denne måten er mogleg å lage eit større fagmiljø for kommunepsykologane om dei vert samla i eit felles bygg på Raglamyr.
- Velferdsteknologi og det interkommunale samarbeidet vert vidareført. Å arbeide med velferdsteknologi er ressurskrevjande på mange plan, og ein ser at det i takt med innføring av aukande bruk av velferdsteknologi og er eit auka behov for å styrka organiseringa av tenestetilbodet både teknisk, digitalt, i forhold til vedlikehald og det å ha ei samla koordinering av tenestetilbodet. Kommunen har difor oppretta ei arbeidsgruppe på tvers av sektorane bestående av tilsette frå teknisk, ikt og helse som arbeider saman på dette området.
- Kvardagsrehabilitering vert vidareført med det målet at dei som ynskjer det skal få bu lengst mogleg i eigen bustad. Dette er førebyggjande arbeid og gir gevinst ved at ein hindrar for tidleg plass i institusjon. Fysioterapeut har utarbeidd eigen handlingsplan for habilitering og rehabilitering, denne vert følgt opp i 2022.
- Helseteam for eldre. Vi vil auka opp tilbodet til å gjelde alle som fyller 85 år, slik at både 75 åringane og 85 åringane får tilbod om førebyggjande heimebesøk frå 2022. Det er utarbeidd eige kartleggingsskjema som sjukepleiar vil ta utgangspunkt i ved heimebesøket, og som etter kvart vil gi kommunen nyttig statistikk og oversikt over helsetilstanden til dei eldste i Bokn.
- Kreftkoordinator. Bokn kommune har ein sjukepleiar med vidareutdanning i palliasjon, og som har noko av stillinga si knytt til oppfølging av personar med kreftdiagnose og/eller til personar som er i livets slutfase. Det er frå statleg hald aukande fokus på ulike pakkeforløp, og i 2015 vart det implementert totalt 26 diagnosespesifikke pakkeforløp for kreft, og nå er det planar om å implementere enda eitt; «Pakkeforløp heim for kreftpasientar». Målet med dette er å bidra til fokus på auka livskvalitet, god helse og meistring for personar som lever med kreft, eller etter at behandlinga er slutt. Samtidig er det ei utdjuping av korleis tenestenivåa bør samarbeide for å avdekke og følgje opp pasienten sitt behov for tenester ut over kreftbehandlinga.
- Sektoren har kontinuerleg fokus på å auka opp kompetansen hos alle tilsette i helse, både på lågaste nivå (assistentar), helsefagarbeidarar og hos sjukepleiarane. Dette er ei satsing som har blitt jobba med over tid, og det viser igjen i kommunebarometeret der Bokn kom ut blant dei beste i landet på utdannelsesnivå innanfor sektoren. Der er laga kompetanseplan for



helse og ein søker kompetansemidlar hos Statsforvaltaren kvart år, dette i henhold til planen. Dette for å sikre at vi har rett kompetanse når det trengs. Vi opplev at liggetida på sjukehuset er kortare, og at dei som vert utskrivne er sjukare og har eit meir kompleks sjukdomsbilete nå enn tidlegare. Det gjer at vi har behov for kunnskapsrike tilsette i sektoren.

- Behalde og rekruttere kvalifisert helsepersonell. Like viktig som å tilsette rett person i den utlyste stillinga, er det og viktig at kommunen klarer å behalde allereie eksisterande personell. Det er kostbart å lære opp nyttilsette, og i tillegg til den formelle kompetansen er det er mykje uformell kompetanse som forsvinn når ein medarbeidar sluttar. Vi vil difor fortsatt arbeide aktivt for at tilsette opplev arbeidsplassen innanfor helsesektoren som så attraktiv at dei ikkje ynskjer å avslutte arbeidsforholdet.

#### Tiltak/effektiviseringsgevinstar innarbeidd i budsjettet

Helse og omsorgssektoren vil og i 2022 ha aukande vekst i tenestebehovet, og det er difor stor usikkerheit knyt til budsjetttramma. Usikkerheitsmomentet opp mot budsjett er at nokre tiltak kan tas innanfor eksisterande drift utan ekstra kostnader, medan det ikkje er mogleg i alle tilfella. Vi har fleire eksemplar på at det i løpet av året oppstår behov for helsehjelp som der ikkje er løyseleg innanfor eksisterande budsjetttramme. Det vert gjort ulike tiltak for å få ned kostnadane, det vert mellom anna arbeidd med;

- Årsturnus. Gir forutsigbarhet for året ved at ferieavvikling, helg- og høgtidsturnus, permisjonar, kjent sjukefråvær, kompetanseplanlegging med meir vert lagt, og ein planlegg drifta for eit heilt år. Det totale ressursbehovet for eininga vert på denne måten synleggjort på ein god måte. I årsturnus vert det lagt til grunn fullt belegg ved sjukestova.
- Heiltidskultur. Vi arbeider for at tilsette som ynskjer det skal få varig høgare stillingsbrøk, noko som gir forutsigbarhet for brukar og drifta. Dette har vi fått til ved bruk av årsturnus.
- Få ned bruk av overtid. God turnusplanlegging gjer at ein får mindre bruk av overtid og vikarar, noko som gir økonomisk gevinst på sikt.
- Sjukefråværsoppfølging. Vi har her eit samarbeid med NAV arbeidslivsenter og bedriftshelsetenesta AktiMed, målet er å få ned sjukefråværet til 5% i sektoren.
- Vidareføring av tiltaka rundt arbeidsmiljø i eininga. Det er god økonomi i det å ha personale som trivst på arbeidsplassen, eit godt arbeidsmiljø bidrar til lav «turn-over».
- Helseteam for eldre. Auke opp tilbodet til og å gjelde alle som fyller 85 år. Vert gjort innanfor allereie eksisterande budsjetttramme. Dette er eit førebyggjande tiltak, som gir kommunen god oversikt over tilstanden til dei eldste i kommunen.
- Kvardagsrehabiliteringsteam. Arbeider førebyggjande der målet er at flest mogleg skal kunne bu heime i eigen bustad. Gir økonomisk gevinst for kommunen på sikt.
- Kompetanseheving av dei tilsette. Noko av denne kostar ikkje noko då det er internopplæring av personalet. Eininga har laga kompetanseplan, og dei som ynskjer vidareutdanning og søker kommunen om støtte til denne vil ikkje kunne få denne om den ikkje står i kompetanseplanen. Det vert søkt om eksterne midlar frå Statsforvaltaren, då med utgangspunkt i kompetanseplanen som er utarbeidd.

### Aktivitet (nøkkeltall)

- Pleie- og omsorgssektoren har som mål å gi gode og forsvarlege helsetenester til den enkelte med behov for dette. Eininga har ansvar for å drive økonomisk, og gi tenestene innanfor gitte budsjetttrammer. Det vart våren 2021 gjennomført brukarundersøking til heimebuande som mottar helse og omsorgstenester. Resultata viser at det er stor brukartilfredsheit, og at dei fleste er godt nøgd med måten dei vert møtt på av tilsette i helse og på sjølve kvaliteten av tenestetilbodet.
- Tenesta skal leggje til rette for ein tenestestruktur der ein tildeler tenester etter BEON prinsippet (beste effektive omsorgs nivå). Prinsippet byggjer på at kommunen tilbyr ein trinnvis opptrapping av helse og omsorgstenester ut frå ei målsetting om at den enkelte, så lenge som mogleg, skal klare å meistre livet sitt sjølv, ha ein aktiv og deltakande rolle i eige liv, og kunne ta del i sosialt samvær og fellesskap med andre.
- Sektoren skal arbeide målretta for å førebyggje og redusere utvikling av uhelse og kroniske lidningar. Til grunn for all tenesteyting skal det liggje eit verdigrunnlag om respekt for den enkelte sin integritet og verdigheit.
- Tenesta skal ha fokus på å yte tenester med høy kvalitet til innbyggjarane i alle aldersgrupper. Vi skal legge til rette for og jobbe målretta mot førebygging, dette ved å ha fokus på eiga meistring og rehabilitering som en naturlig del av utføringa av tenestene. Tenesta skal sikre at den enkelte får moglegheit til å leve og bo sjølvstendig, og oppleve å ha en aktiv og meningsfull kvardag saman med andre. Eininga arbeider systematisk mot innføring av nødvendige tiltak som er i samråd med «Leve heile livet» reforma. I utarbeidinga med tenestetilbodet skal brukarmedverknad leggjast stor vekt, dette gjennom kartleggingssamtale når søknad om teneste ligg føre.

<b>Vedtak</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b> (pr 21.09.21)	<b>Mål: 2022</b>
Vedtak behandla totalt	86	114	119	100%
Innvilga vedtak	85	113	114	
Avslag på søknad	1	1	5	
Klage på vedtak	1	0	0	0
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid	3 dg	4 dg	2 dg	< 21 dagar
Type saker som er behandla:				
• Støttekontakt	9	6	8	
• Korttidsopphold	16	15	24	
• Langtidsopphold	2	2	3	
• Avlastning	3	2	0	
• Heimesjukepleie	18	27	22	
• Heimehjelp	11	14	17	
• Tryggleiksalarm	5	7	4	
• Dagsenter	8	10	9	
• Omsorgsbustad/kommunal bustad	4	6	6	
• Middag/service pakke	6	18	11	
• Koordinator/individuell plan	1	2	2	
• Omsorgslønn	2	3	3	
• Dagopphold	0	1	4	
• Avlastningstiltak - bustad	0	0	1	
Venteliste korttids plass	0	0	0	0
Venteliste langtids plass	0	0	0	0

*Mål for 2022:*

- *Behandle alle innkomne søknader (munnlege og skriftlege)*
- *Realistiske vedtak med tidsavgrensa varigheit – gi rett hjelp til rett tid*

- *Behandle vedtaka fortløpende, og seinast innan tre veker*
- *Gje tenester i samarbeid med brukaren (brukarmedverknad), unngå klagesaker*
- *Tenestetilbodet skal vere fagleg forsvarleg – unngå klagesaker på utføring og tenesteinnhald*
- *Unngå venteliste på korttidsplassar og langtidsplassar*
- *Gi avlastning og støtte til pårørande – unngå at desse vert utslitt på grunn av for stor omsorgsbyrde*

<b>Årsverk i seksjonen</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Legekontor	1,7	1,7	1,7	1,7
Helseteam for eldre	0,1	0,1	0,1	0,1
Helsestasjon	1,0	1,0	1,0	1,0
Kommunejordmor	0,10	0,10	0,10	0,1
Psykisk helse	1,2	0,8	0,8	0,8
Fysioterapeut, kommunal	0,50	0,50	0,75	0,75
Fysioterapeut, m/driftstilskot	0,75	0,75	0,60	0,60
Ergoterapeut	0	0,10	0,30	0,30
Bu og aktivitet	3,17	2,78	2,78	2,33
Sjukestova (institusjon og heimesjukepleie)	21,10	24,28	23,87	21,72
Heimehjelp	0,35	0,35	0,35	0,35

*Mål for 2022:*

- *Behalde alle lovpålagde tenester med kvalifisert personell*
- *Interkommunalt samarbeid der dette er naudsynt (for eksempel jordmor og helsestasjon for ungdom)*
- *Ikkje gå med over bemanning i turnus i pleie og omsorg*
- *Minst mogleg bruk av overtid og forskyving*
- *Redusere sjukefråvær til under 5 %.*

Hjelpemiddel	2019	2020	2021
Aktive brukarar	83	82	*
Brukarar med utleverte hjelpemidlar	24	23	*
Nye brukarar	7	6	*
Utleverte hjelpemidlar	342	121	*

\* Tall for 2021 kommer i januar 2022.

*Mål for 2022:*

- *Gi rett hjelp til dei som treng hjelpemidlar, i saman med brukar finne ut kva hjelpemiddel ein skal søke om*
- *Hjelpe til med søknad når dette er naudsynt*
- *Være raskt ute med søknad, unngå unødig ventetid*
- *Sjå til at kommunalt hjelpemiddellager til ein kvar tid er oppdatert på naudsynte hjelpemidlar*
- *Hjelpe brukar med opplæring i bruk av nytt hjelpemiddel*

### **Barn og unge**

Vi har som overordna mål at vanskar i denne gruppa skal avdekkast så tidleg som mogleg, sånn at dei ikkje får utvikle seg vidare, og at dei som strever skal få rett hjelp til rett tid. Helsestasjonen og skolehelsetenesta gir tilbod om helsefremmande og førebyggjande tiltak som følger opp barn og unge innanfor psykisk og fysisk helsearbeid.

### **Lågterskeltilbod i psykisk helse**

*Tilgjengelegheit:* Psykisk helseteneste tilbyr støttesamtalar til alle innbyggjarane i kommunen. Ein har som mål at det skal vere enkelt å få hjelp av psykisk helseteneste, og det er kort ventetid for nye brukarar. Ein arbeider målretta for å førebyggje og redusere utvikling av uhelse og kroniske lidningar. Målet er å ha eit folkehelseperspektiv i tenesteutøvinga, og ha fokus på så tidleg innsats som mogleg.

*Læring- og meistring og friskliv:* Er eit tilbod om ulike kurs i grupper der brukar, pasient eller pårørande skal få betre innsikt i eigen situasjon og på den måten bli styrkja i det å mestre livet. Fastlegar og anna helsepersonell har oversikt over dei ulike kursa. I tillegg har fastlegen individuelle rettleiingssamtalar med sine pasientar.

### **Nærværs arbeid**

*Sjukefråvær:* Sektoren har i 2021 hatt stort sjukefråvær, og ein har som mål å få ned denne under 5% i 2022. For å få til dette har vi tett samarbeid med NAV arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta AktiMed. Dei skal hjelpe oss med å finne gode tiltak og arbeidsprosessar slik at vi får ned fråværsstatistikken. Alle tilsette får tilbod om gratis influensavaksinasjon.

*Arbeidsmiljø:* Ein arbeider kontinuerleg med arbeidsmiljø, og har etter medarbeidarundersøkinga utført i januar 2021 laga handlingsplan med tiltak som dei tilsette sjølv har føreslått.

### **God/optimal ressursbruk**

*Turnusarbeid:* Det vert arbeidd med turnusløyisingar som fremmer heiltid og arbeidsnærvær. Vi har i fleire år hatt stor grad av involvering av tilsette i eigen turnusløyising (ønsketurnus), dette vert vidareført ved at eininga har gått inn for å bruke årsturnus. Denne gjer at tilsette får komme med innspel til eigen turnus og gir samtidig forutsigbarhet for heile året, og at arbeidsgjevar har større oversikt over den totale ressursbruken.

*Kompetanseplan:* Denne vart laga i 2021, og gjer at verksemda har god oversikt over kva kompetanse vi har i sektoren, og kva kompetanse vi har brukt for. Det er eit ynskje å nytte ressursane på rett plass, og arbeider for at eininga skal ha maksimalt utbytte av kompetansen til den tilsette. Det handlar om å bruke rett kompetanse på rett plass, noko som og bidrar til auka trivsel hos dei tilsette.

### **Heiltidskultur**

*Stillingsbrøk:* Kommunen har gjennom fleire år hatt som mål at ingen stillingar skal vere lågare enn 50%, då med unntak av studentar. Bruk av årsturnus har gjort at fleire som har ynskja høgare stilling, har fått auka opp stillingsbrøken sin. Dette kan vere med å bidrar til at tilsette ynskjer å blir verande.

*Gode helsetenester:* Ved at fleire går i store (heile) stillingar bidrar ein til at tenestemottakar mottar gode og trygge tenester, og at dei har færre tilsette å forhalda seg til.

### Gjeldande planar og planstatus

Vi har følgjande planar i helse og omsorg:

**Boligsosial handlingsplan** (under revidering). Formålet med planen er å planlegge korleis Bokn kommune gjennom målretta tiltak kan leggje til rette for godt boligsosial arbeid, og god utnytting av verkemidlar og ressursar. Planen skal innehalde mål og tiltak for korleis kommunen skal møte behovet for bustadar til vanskelegstilte gjennom å tilby varierte bustadar i trygge bustadmiljø. Kommunal bustads planlegging legg viktige rammer for dette arbeidet.

**Helse og omsorgsplan 2021 – 2024.** Formålet med helse- og omsorgsplanen er å sikre at alle som bur eller oppheld seg i Bokn får gode tenester i dag og i framtida. Hovudmål i helse- og omsorgsarbeidet er å leggje til rette for auka ansvar, meistring og deltaking for brukarar og innbyggjarar i alle fasar gjennom livet samt å gi helse- og omsorgstenester av god kvalitet, for dei som treng det, i tråd med ein berekraftig vekst- og velferdsutvikling.

**Handlingsplan: Vald i nære relasjonar 2021 – 2024.** Handlingsplanen skal sikre at Bokn kommune har fokus på vald og overgrep, og at dei som er råka får eit tilbod som er tilrettelagt og heilskapleg. Hjelpetilboda innanfor området skal vere kunnskapsbasert og samordna, og sikre at kommunen fyller lovkrava om å førebyggje, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Handlingsplanen skal auke kunnskapen hos dei tilsette i kommunen og styrkje samhandling mellom faggrupper, sektorar og ulike forvaltningsnivå.

**Handlingsplan: Leve heile livet i Bokn kommune 2021 – 2024.** Planen skal følgje opp Stortingsmelding 15 (2017-2018) og på den måten bidra til at kommunen møter demografiendringane på ein god måte både for kommuneorganisasjonen og for den enkelte innbyggjar i Bokn kommune.

**Handlingsplan: Psykisk helseteneste 2021.** Planen har som mål å sjå til at ein gir personar som oppheld seg i kommunen gode tenester for å hindra og førebyggja psykisk sjukdom. Den skal bidra til at det vert gitt god hjelp og støtte til dei som har psykiske lidingar, tilbodet er eit lågterskeltilbod, synleg og godt kjent i kommunen.

**Plan for habilitering og rehabilitering 2020 – 2024.** Formålet med planen er å sikre at Bokn kommune har fagleg gode, lett tilgjengelege, koordinerte og rett dimensjonerte habilitering- og rehabiliteringstilbod til sine innbyggjarar.

**Ruspolitisk handlingsplan 2021 – 2024.** Planen skal gi eit kort overblikk over rusmiddelsituasjonen i dag, synleggjere kva utfordringar ein står ovafor og kva som er tiltak og fokusområde i planperioden. Planen for rusfeltet skal bidra til ein forbetra, forsterka, tverrsektorielt og samordna førebyggjande innsats og innsats ovafor grupper som står i fare for, er i ferd med å utvikle eller har lettare/moderate rusproblem, for personar med alvorleg rusavhengigheit, samt deira pårørande.


**Beredskapsplan for psykososial kriseteam.** Ihht forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. Etter "Lov om helsemessig og sosial beredskap", skal kommunane ha ein kriseberedskapsplan som inkluderer ein plan for psykososial bistand til kriseramma. Målsettinga med planen er at det skal vere ein heilhetleg, likeverdig og forsvarleg psykososial oppfølging til den eller dei som vert råka.

**Kompetanseplan for helse og omsorg 2021 – 2024.** Formålet med planen er å fastsette mål og tiltak for å rekruttere inn og behalde naudsynte personalressursar. Kompetanseutvikling av fagpersonell er regulert i lovverk og gjennom krav og føringar vist i Hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 8. Denne har bestemningar om at det skal utarbeidast ein opplærings- og utviklingsplan som skal inngå i ein heilhetleg kommuneplanlegging.

## Rammeområde 4 – Seksjon Sosial og Barnevern

Beløp i kr	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Vedtatt budsjett 2021		2 295 800	2 295 800	2 295 800	2 295 800	2 295 800
Rammeendring			272 200	272 200	272 200	272 200
<b>Netto driftsramme</b>	<b>2 476 018</b>	<b>2 295 800</b>	<b>2 568 000</b>	<b>2 568 000</b>	<b>2 568 000</b>	<b>2 568 000</b>
<b>Rammeendringer</b>						
Lønns- og prisvekst			67 200	67 200	67 200	67 200
Rammeøkning - Demografibasert			205 000	205 000	205 000	205 000
<b>Sum rammeendring</b>			<b>272 200</b>	<b>272 200</b>	<b>272 200</b>	<b>272 200</b>

Ansvar	Budsjett 2022
400 - Sosial	1 208 000
410 - Barnevern	1 360 000
<b>Sum rammeområde</b>	<b>2 568 000</b>



### Sosial

Bokn har felles Nav-kontor med Karmøy, dette lokalisert i Kopervik om ein ikkje kan nytta elektronisk løysing gjennom Nav si heimeside.

Nav-kontoret er eit samla kontor som inneheld både kommunale og statlege tenester. Tenestetilbodet skal vere trygt og forutsigbart, samtidig som det er dimensjonert og strukturert i forhold til befolkninga si samansetting og behov.

Nav sin viktigaste oppgåve er å hjelpe folk i arbeid og sørge for at dei som ikkje kan arbeide får ytingane utbetalt til rett tid. Digitaliseringa av Nav handlar om å klare seg sjølv, og det skal det leggst til rette for. Nav Karmøy og Bokn har innført Digisos, som har som målsetting å få til digitale søknader om sosiale tenester i Nav via nav.no. NAV skal i større grad drive oppsøkande verksemd ut mot brukarar som treng ekstra oppfølging. I tillegg skal arbeidsmarknaden få meir oppfølging frå NAV for å sikre at fleire kjem inn i ordinært arbeid og på den måten ser til at færre fall utanfor.

Sosiale tenester vert ytt i stor grad av og gjennom Nav-kontora. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova) regulerer det kommunale ansvaret og oppgåvene som Nav-kontoret skal utføre eller medverke til, og inngår i kommunen sitt ansvar for å yte velferdstenester. Formålet med lova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Kommunen har eit overordna ansvar for å hjelpe den enkelte med råd, veiledning, økonomisk sosialhjelp, praktisk bistand, bustad, bustadstiltak og bustadsosiale verkemidlar. Tidleg innsats er vesentleg for å førebyggje sosiale vanskar. Dette gjeld særleg ovanfor born, unge og unge vaksne som veks opp i vanskelegstilte familiar. Det stilles krav til ein heilhetleg tilnærming til barnefamiliar der alle familiemedlemmene sitt behov vert kartlagt og ivaretatt. Noko vert gjort lokalt i kommunen, medan andre gonger medfører dette at ein må til Karmøy for å få hjelp.

### Tiltak:

- Sikre rask og heilhetleg oppfølging, og god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene
- Gi kvalifisert økonomisk rådgiving og kartlegge privatøkonomien i tidleg fase



- Bidra til trygge og stabile bu- og oppvekstmiljø gjennom aktiv bruk av bustadsosiale verkemidlar, låne- og tilskotsordningar. Det vert arbeidd for å revidere Bustadsosial handlingsplan, og har som mål at denne skal verte politisk behandla i løpet av våren 2022.
- For at fleire skal oppleve god helse og meistring må ein arbeida og motivere for mobilisering av innbyggjaranes eigeninnsats, eigne ressursar og inntektsevne for at ein på den måten bli meir sjølvhjelpen.
- Legge til rette for at arbeidstrening og opplæring i størst mogeleg grad skjer på arbeidsplassen og i det ordinære arbeidslivet
- Sikre borna sine behov og moglegheiter til deltaking i fritids- og sosiale aktivitetar ved utmåling av sosialhjelp

### Barneverntenesta

Barnevernreforma, og kalla oppvekstreforma, trer i kraft 1. januar 2022. Delar av reforma blir gradvis innført allereie frå 2018. Dette vil føre til at kommunen får økt fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne tilpassast lokale behov.

Barnevernreforma skal gi kommunen incentiv og moglegheiter til meir førebyggjande tiltak og auka samarbeid på tvers av tenester. Sjølv om reforma først og fremst regulerer barnevernet, vil ein best oppnå måla gjennom endring i heile oppvekstsektoren.

Bokn kommune har avtale med Karmøy kommune om kjøp av barneverntenestene. Karmøy kommune er godt i gong med førebuing til barnevernreforma. Det blir gitt førebyggjande hjelp til born og familiar der borna bur. Hjelpetiltaka som blir sett inn syner å være meir målretta mot å rettleie foreldre til betre omsorgsevne, og færre barn er plassert utanfor heimen. Blant barn som må flytte ut av heimen, forsøker ein som fyrste alternativ å sjå på om det er mogleg for borne å bu sjå nokon dei kjenner frå før (slekt eller andre i nettverket til bornet).

Endringsarbeid i tråd med barnevernreforma som er i gong og vil ha auka fokus er:

- Det skal arbeidast vidare med å styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging , mellom anna gjennom tverrfagleg/tverretatleg samarbeid
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiare sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal bli godt ivaretatt
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv

Demografiutvikling fører til at det som i dei fleste kommunar og i Bokn blir færre barn og fleire eldre.

Det er eit mål at barn, unge og familiar som har behov for det, skal få barnevernstenester av høg kvalitet. Regjeringa si kompetansesatsing i kommunalt barnevern blir fylgt for å oppretthalde og utvikle god og rett kompetanse i barneverntenesta.

### *Barnevern - Gjeldande planar og planstatus*

#### Barnevernreforma (Prop 73L (2016 - 2017) Endringar i barnevernlova)

Barnevernreforma blei vedteke ved Stortinget si behandling av Prop. 73 L (2016–2017) Endringar i barnevernlova (barnevernsreform) blei lagt fram i juni 2017 og trer i kraft 1. januar 2022. Reforma inneheld både kvalitetstiltak og endringar i ansvarsdelinga mellom stat (Bufetat) og kommune. Kvalitetstiltaka i reforma består først og fremst av et kompetanseløft. I tillegg kjem tiltak for å styrke den kommunale styringa av barnevernet. Dette arbeidet er allereie godt i gong. Det er vidare vedteke endringar i fosterheimsforskrifta som og vil tre i kraft 1. januar 2022. Loven skal avløyse lov 17. juli 1992 nr. 100 om barnevernstenester. Departementet tek sikte på at ny barnevernslov kan tre i kraft 1. januar 2023.

Die viktigaste endringane i ansvarsfordelinga mellom stat og kommune;

1. Kommunane får eit auka finansieringsansvar for barneverntiltak
2. Heilskapleg kommunalt ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar
3. Staten sine spesialiserte tilbod blir tydeleggjort i lova
4. Krav om årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret

Innsatsområde: Arbeidet med reforma skal konsentrerast rundt nokre innsatsområde, det enkelte born sitt behov skal stå i sentrum, tydeleg ansvarsdeling mellom stat og kommune, styrking av utdanning og kompetanse blant barneverntilsette og lokal forankring og styring.

Grunnpilarane i reforma er førebygging og tidleg innsats, heiskapelege tenestetilbod, samarbeid på tvers av sektorar, kommunal styring og samarbeid på tvers av kommunar, og auka fagleg og økonomisk ansvar for kommunane for det kommunale barnevernet.

## Rammeområde 6 – Seksjon Teknisk

### Driftsbudsjett og ramme

Teknisk - Driftsramme	Økonomiplan					
	Regnskap 2020	Budsjett 2021	2022	2023	2024	2025
Beløp i kr						
Budsjett 2021 - Teknisk		3 799 200	3 799 200	3 799 200	3 799 200	3 799 200
Utgående eingongstiltak		-	1 200 000	-	1 200 000	-
Rammeendring			1 223 800	1 173 800	1 173 800	1 173 800
<b>Netto driftsramme - Teknisk</b>	<b>3 841 753</b>	<b>3 799 200</b>	<b>3 823 000</b>	<b>3 773 000</b>	<b>3 773 000</b>	<b>3 773 000</b>
<b>Rammeendringer - Teknisk</b>						
Lønns- og prisvekst			75 800	75 800	75 800	75 800
Tilpasning ramme til aktivitetsnivå			1 198 000	1 248 000	1 248 000	1 248 000
Prosjektering brannstasjon			100 000	-	-	-
Innsparingskrav - 5 million til 2023 - Vedtatt budsjett 2020			-	150 000	-	150 000
<b>Sum rammeendring</b>			<b>1 223 800</b>	<b>1 173 800</b>	<b>1 173 800</b>	<b>1 173 800</b>

Tenester Teknisk	Budsjett 2022	Tenester VA	Budsjett 2022
3390 - BRANNVESENET	2 188 700	3540 - TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANK	581 700
3010 - PLANSAKSBEHANDLING	976 300	3530 - AVLØPSNETT	198 900
1902 - FELLESUTGIFTER BOKNATUN	832 500	3400 - PRODUKSJON AV VATN	-
3350 - PARKAR, PLASSAR OG TORG	709 700	3450 - KOMMUNALT LEDN. NETT VATN	1 215 200
1900 - VAKTMESTERTENESTER	575 900	<b>Sum VA</b>	<b>958 200</b>
3320 - KOMMUNALE VEIER, MILJØ OG TRAFIKKSIKKERHET OG PARKERING	535 000		
2220 - BOKN SKULEBYGG	465 000		
3020 - BYGGE-, DELINGS- OG SEKSJONERINGSSAKER	407 500		
3810 - Kommunale idrettsbygg/-anlegg	200 000		
3030 - KART OG OPPMÅLING	193 000		
3380 - VERN MOT BRANN OG ULYKKER	170 000		
1210 - Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	140 000		
2210 - BOKN BARNEHAGEBYGG	132 500		
2610 - SJUKESTOVA	88 000		
2650 - KOMMUNALT DISPONERTE BUSTADER	-		
Øvrige tenester	-		
<b>Sum rammeområde</b>	<b>4 781 200</b>		

Budsjett på område teknisk er i stor grad bunde opp i faste kostnader knytt til Haugaland brann og redning og tenester kjøpt frå Karmøy kommune. Vann og avløp (VA) er frå 2021 skilt ut som eit eige ansvarsområde, for å få betre oversikt over sjølvkost. Denne endringa blei iverksatt i juli 2021. Det er forventa at dette vil gjere oppfølging av budsjett ved rammeområdet for teknisk ryddigare.

Ein har over tid sett at drift av deler av seksjonen har vore underbudsjettet, slik at ein har hatt problem med å halde budsjett. I 2021 var det særleg kostnader til straum og bruk av underleverandørar som har hatt overskridingar. Det er og tilfelle der ein på grunn av stramt budsjett har hatt oppgåver som er blitt liggjande «på vent» utan ein plan for vidare framdrift. På kort sikt kan dette kanskje ha løyst dei umiddelbare, vanskelege økonomiske utfordringane, men på lang sikt medfører dette, i dei fleste tilfella, betydelege auka totale kostnader. Det er tatt ein gjennomgang av rammeområdet i budsjettprosessen, og ein har vald å auke ramma for å tilpasse seg det aktivitetsnivået ein ser er nødvendig for å drive seksjonen. Ramma for seksjon teknisk er difor auka med 1 223 800 millionar for budsjettåret 2022. Av dei tilførte midlane er 100.000kr satt av til prosjektering brannstasjon i 2022.

Ei auke på budsjettssida i tillegg til ei systematisk tilnærming til planlegging av dagleg drift, til kompetansekartlegging og til innkjøpsrutinar vil samla sett kunne gje stor effekt både på produksjon av tenester og på kvaliteten på tenestene som blir levert.

### Teknisk sjef sin vurdering

FN's bærekraftsmål skal vera førande for seksjon teknisk, som for resten av organisasjonen Bokn kommune. I samband med utarbeiding av planprogram for revidering av arealdel blei bærekraftsmåla under valde ut som dei kommunen skal fokusere på i kommuneplanarbeidet. Desse bærekraftsmåla blir difor lagt til grunn også for arbeidet i teknisk for budsjettåret 2022:



3. God helse og livskvalitet
6. Reint vatn og gode sanitærtilhøve
7. Rein energi til alle
9. Industri, innovasjon og infrastruktur
11. Bærekraftige byar og lokalsamfunn
13. Stoppe klimaendringane
14. Livet i havet
15. Livet på land
17. Samarbeid for å nå måla

Lista over samsvarar godt med den allereie etablerte forventninga om at seksjon teknisk skal arbeide for ei bærekraftig utvikling av lokalsamfunnet, bidra til å samordne offentlege tekniske oppgåver samt levere gode tenester til innbyggjarane i kommunen. Seksjonen skal, blant anna via vertskommuneavtale med Karmøy kommune, utføra god saksbehandling innaføre lovpålagde fristar. Seksjonen skal sørge for å gjennomføre vedtatte prosjekt både interne prosjekt og prosjekt som skal utførast i samarbeid med andre aktørar/samarbeidspartnarar.

Seksjonen skal og levere på informasjonsutveksling. Det er av stor betydning å informere innbyggjarane om relevante saker som angår dei og å dela viktig kunnskap med dei. Seksjonen har ein betydeleg jobb å gjera på dette området og dette arbeidet skal starte no.

Seksjonen skal sikra god og energieffektiv forvaltning av kommunale anlegg og kommunal bygningsmasse samt sikra tilferdstillande drift og vedlikehald av kommunale vegar med meir.

Det ligg og til seksjonen å koordinere alt planarbeid i kommunen, i tillegg til konkret utarbeiding av aktuelt planverk.

For å nå måla seksjonen har sett er ramma for seksjonen auka med kr. 1.223 800 millionar for budsjettåret 2022. Heilt konkret er målet med å auke ramma at dette skal gje seg utslag i at seksjonen kan iverksetje tiltak for organisering og systematisering av ei bærekraftig drift til beste for tenesteproduksjonen og for tenesteleveransen ut til innbyggjarane i kommunen.

Eit viktig fokus i dette arbeidet er mellom anna utarbeiding av kompetanseplan for seksjonen. Dette vil danne grunnlag for kva kompetansehevande tiltak som skal iverksetjast, for kven og til innaføre ramma av kva tidsperiode.

### *Hovedutfordring i økonomiplanperioden*

Seksjon teknisk har, over tid og trass etableringa av vertskommuneavtalen med Karmøy kommune, hatt eit stort etterslep. Dette er knytt til manglande ferdigstilling av oppgåver og prosjekt innaføre fleire av områda som høyrer inn under seksjonen. Hovedutfordringa i økonomiplanperioden vil difor vera å få prioritert dei rette oppgåvene til rett tid og at ein held seg til ein fastlagd plan. På denne måten sikrar ein ferdigstilling av dei prosjekta/oppgåvene som gjennom økonomiplanen, eller via investeringsvedtak, *har* finansiering.

I tillegg til den konkrete økonomiske sida ved dette vil ein sikra ei betre ressursutnytting ved at rette ressursar er på rette oppgåver medan andre oppgåver må venta. Det går uhensiktmessig mykje tid vekk i å ikkje prioritere. Det er skapt forventningar i både organisasjonen lokalt, ofte også regionalt og sist, men ikkje minst hjå innbyggjarane og mykje tid går med til å skulle svare for oppgåver og prosjekt som ikkje blir ferdigstilte.

Istadenfor å måtte bruka tid og ressursar på restansar samt på alt for mange oppgåver utan plan, vil ein til slutt oppnå å, i større grad, kunne bruke tid på utviklingsoppgåver til beste for alle.

Prosjekt/oppgåver som ikkje har finansiering lyt planleggjast for slik å bli vurderte i samband med revideringar av kommande års økonomiplanar.

*I dei tilfelle der det er mogleg å sikra samfinansiering med andre aktørar/samarbeidspartar skal ein gjera det.*

Med ein liten organisasjon byr det på utfordringar å få sett av nok tid til til dømes:

- gjennomgong av serviceavtalar
- oppfølging av nasjonale, krevjande bestillingar (t.d bestillingar frå Kartverket, frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet m.fl)
- å sjå på potensialar for energieffektivisering for å få redusert straumkostnadane (formålbygg osv)

Seksjonen kan per no, grunna ressurstilgongen, til dømes ikkje dokumentere omfanget av etterslep knytt til

- vedlikehaldsetterslep kommunale vegar
- vedlikehaldsetterslep vatn/avlaupe
- vedlikehaldsetterslep formålbygg

Ei kartlegging med konkrete kostnadsoverslag, eller ein vedlikehaldsplan om ein vil, vil difor bli gjennomført i økonomiplanperioden. Ein vedlikehaldsplan dannar då grunnlaget for vurderingar knytt til finansiering av nødvendig vedlikehald for åra som kjem.

Vertskommuneavtalen med Karmøy kommune sikrar at saksbehandling innaføre viktige område blir ivaretatt. Det kviler like fullt ei stor arbeidsmengd og eit stort ansvar på seksjon teknisk lokalt når det kjem til å fylgja opp daglege henvendelsar og oppgåver som ligg til rammeområdet.

## *Nye tiltak og innsparinger*

Budsjettet tek opp i seg kommande års fokus på å tilretteleggje for ei meir bærekraftig drift av seksjonen. Kompetansehevande tiltak er og vektlagt som ledd i det å møte innbyggjarar og regionale og nasjonale mynde sine henvendelsar og bestillingar på ein betre måte.

Kommunen har i tillegg tatt konsekvensane av tidlegare års utgifter knytt til innleige av eksterne rådgjevarar og ferievikarar og har stilt desse i opphør. Dette har gjeve umiddelbare positive utslag økonomisk og målet er, for budsjettåret 2022, å drifta utan innleigde ressursar. Konsekvensen blir likevel då at kommunen mister verdifulle ressursar for gjennomføring av viktige oppgåver. Oppgåvene blir liggjande «på vent» ganske enkelt fordi ein ikkje har mannskap nok til å ta tak i dei.

Det er vedtatt at Bokn kommune skal søkja godkjenning som trafiksikker kommune. Implementeringa av tiltak vil, på både kort og lang sikt, kunne gje positive økonomiske effektar innaføre også dei andre seksjonane. Fleire av tiltaka vil ha helsefremjande effekt. Om ein ikkje kan måla den konkrete økonomiske effekten på kort sikt så er det dokumentert at den helserelaterte effekten på lang sikt gjev seg utslag i betre økonomi for kommunen. Å bli godkjend som trafiksikker kommune har difor høgt fokus; ei ordning til beste for tryggleiken og helsa til innbyggjarane, men og for kommunen som tenesteleverandør.

Trafiksikkerhetsplanens handlingsprogram er, som vedtatt, revidert i samband med budsjettarbeidet og kostnadar med nye tiltak er hensyntatt.

## *Aktivitet (nøkkeltall)*

### **Mål for seksjon teknisk i økonomiplanperioden**

#### **3. God helse og livskvalitet**

Delmål: Seksjon teknisk skal halda aktuelle friområde og andre grøntområde i slik stand at dei aktivt kan brukast av alle heile året

#### **6. Reint vatn og gode sanitærtilhøve**

Delmål: Seksjon teknisk skal, på bakgrunn av kompetanseplan, iverksette kompetansehevande og andre tiltak for meir effektivt å levere på regionale og nasjonale tilsyn, krav og bestillingar knytt til vatn og avløp

Delmål: Seksjon teknisk skal vera ein aktiv kunnskapsformidlar ut mot innbyggjarar for områda vatn og avløp

#### **7. Rein energi til alle**

Delmål: Seksjon teknisk skal kartlegge potensialet for implementering av solcelle- installasjonar (kommunale formålsbygg) for energiproduksjon

Delmål: Seksjon teknisk skal vera ein aktiv kunnskapsformidlar ut mot innbyggjarar for området rein energi til alle

Delmål: Seksjon teknisk skal vera pådrivar for tilrettelegging for gåande og syklende

### **9. Industri, innovasjon og infrastruktur**

Delmål: Seksjon teknisk skal vera pådrivar i trafikksikkerhetsarbeidet

Delmål: Seksjon teknisk skal vera pådrivar for tilrettelegging for gåande og syklende

Delmål: Seksjon teknisk skal vera drivar i arbeidet med revidering av arealdel til kommuneplan

### **11. Bærekraftige byar og lokalsamfunn**

Delmål: Seksjon teknisk skal vera pådrivar for tilrettelegging for gåande og syklende

Delmål: Seksjon teknisk skal vera pådrivar for gjennomføring av tiltaka knytt til samordninga mellom frivillig og offentlig sektor

### **13. Stoppe klimaendringane**

Delmål: Seksjon teknisk skal ferdigstille Klima og energiplan for Bokn kommune

Delmål: Seksjon teknisk skal bidra til å få implementert aktuelle tiltak i handlingsplanen til Klima og energiplan Bokn kommune 2022- 2026

### **14. Livet i havet**

Delmål: Seksjon teknisk skal, på bakgrunn av kompetanseplan, iverksette kompetansehevande og andre tiltak for meir effektivt å levere på regionale og nasjonale tilsyn, krav og bestillingar knytt til vatn og avløp

Delmål: Seksjon teknisk skal vera ein aktiv kunnskapsformidlar ut mot innbyggjarar for området

Livet i havet

Delmål: Seksjon teknisk skal vera ein aktiv bidragsytar inn mot Strandryddedagen

### **15. Livet på land**

Delmål: Seksjon teknisk skal vera aktiv kunnskapsformidlar ut mot innbyggjarar for området Livet på land

Delmål: Seksjon teknisk skal iversette tiltak som sikrar artsmangfold og som har effektivisering av drift som bi-effekt (blomsterenger sett i system for reduksjon av plenklipping)

### **17. Samarbeid for å nå måla**

Delmål: Seksjon teknisk skal kartlegge kva nettverk/samarbeid seksjonen skal delta i/på og begrunne dette ut frå kva gevinst dette gjev kommunen både økonomisk og i lys av behov for kompetanseheving

Tabell: Målsettingar knytt opp mot målbare indiaktorar

Hovedmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2025
God helse og livskvalitet	Skjøtsel av friområde og grøntområde	Medgått tid	Auke med 10 %	Auke med 5 %
Reint vatn og gode sanitærtilhøve	Levere betre på tilsyn, krav og bestillingar knytt til vatn og avløp	Medgått tid	Redusere med 25 %	Redusere med 25 %
	Kunnskapsformidlar Vatn/Avløp	Publikasjonar heimeside	2	5
Rein energi til alle	Kartlegge for implementering av solcelleinstallasjonar	Reduksjon i straumutgifter	0	Kartlegging gjev retning
	Kunnskapsformidlar Rein energi til alle	Publikasjonar heimeside	4	8
	Pådrivar i tilrettelegging for gåande og syklande			
Industri, innovasjon, infrastruktur	Pådrivar i trafiksikkerhetsarbeidet			
	Pådrivar i tilrettelegging for gåande og syklande			
	Drivar i arbeidet med revidering av kommuneplan (arealdel)			
Bærekraftige byar og lokalsamfunn	Pådrivar i tilrettelegging for gåande og syklande			
	Pådrivar for gjennomføring av tiltak samordning frivillig/offentlig sektor			
Stoppe klimaendringane	Ferdigstille Klima og energiplan		Ferdigstilt	
	Bidra til implementering av tiltak Klima og energiplan			
Livet i havet	Levere betre på tilsyn, krav og bestillingar knytt til vatn og avløp	Medgått tid	Redusere med 25 %	Redusere med 25 %
	Kunnskapsformidlar Livet i havet	Publikasjonar heimeside	2	5
	Bidragstytar Strandryddedagen	Medgått tid	Auke med 5 %	Auke med 5 %



Livet på land	Kunnskapsformidlar Livet på land	Publikasjonar heimeside	2	5
	Tiltak som sikrar artsmangfold og effektiv drift	Betre ressursutnytting	Redusere kostnadar med 5 %	Redusere kostnadar med 10 %
Samarbeid for å nå måla	Kartlegge og begrunne deltaking i nettverk/samarbeid/prosjekt	Betre ressursutnytting	Redusere kostnadar med 5 %	Redusere kostnadar med 5 %

Tabellen over er meint å gje eit bilete på indikatorar som kan brukast for å seie noko om måloppnåing i seksjon teknisk. Denne tabellen lyt arbeidast med over tid og alle involverte lyt ha eigarskap til måla som er sett. Saman kan ein så fylgje med på status: Kor mykje tid brukar vi på skjøtsel av fri – og grøntområde samanlikna med målet vi har sett for oss sjølve? Lyt vi korrigera kursen for å nå måla?

## Gjeldende planer og planstatus

### *Vedtatte planar:*

Kommunal planstrategi 2019-2023  
 Kommuneplan 2012-2024  
 Samfunnsdel til kommuneplan 2019 – 2031  
 Trafikksikkerhetsplan  
 Kulturminneplan 2020-2023

### *Planarbeid i prosess:*

Revidering av deler av arealdel til kommuneplan  
 Områdeplan Knarholmen  
 Hovedplan Vann og Avløp  
 Energi og klimaplan